

**Analyse av klimaendringane si påverking på produksjonen frå uregulerte småkraftverk i Noreg**

Master i energi  
ENERGI399



Universitetet i Bergen  
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet  
Geofysisk institutt

Knut H. Nedkvitne  
16.06.2020

## Forord

Denne oppgåva er mi avsluttande masteroppgåve ved studiet «master i energi» ved Universitetet i Bergen. Oppgåva tilsvarar 60 studiepoeng og har gått over to semester. Oppgåveformuleringa har vore eit samarbeid mellom Småkraft og Universitetet i Bergen.

Eg ynskjer å rette ei takk til min rettleiar ved UiB, Asgeir Sorteberg, for god rettleiing og hjelp gjennom heile skuleåret. Takk til Småkraft for at eg har fått jobbe med denne oppgåva, og for at de har stilt nødvendig data til disposisjon. Takk også til Hordaland Fylkeskommune for økonomisk støtte som ein del av deira satsing på masteroppgåver om klimaendringar.

Eg må òg rette ein stor takk til heile familien som har vore til stor hjelp gjennom masterinnspurten. Til mammo og pappen som har lest korrektur og bidrege med kosthold og ski i innspurten, til Tuva og Asumani som har vore gode oppmuntrarar og til Solveig som sikkert ville ha hjelpt om ho ikkje var korona-fast i Skottland.

Til sist, men ikkje minst, vil eg takke Kristine som har vore til fantastisk god hjelp, ikkje berre gjennom masteren, men gjennom heile studiet. Tusen takk for all hjelp, mat, godt humør og generell støtte gjennom gode og vonde heimekontordagar. Masteren hadde ikkje vore den same utan deg!

## Samandrag

I denne oppgåva har eg undersøkt klimaendringane si påverking på produksjonen ved åtte uregulerte småkraftvek i Noreg. Problemstillinga er «Korleis vil klimaendringane påverke straumproduksjonen ved uregulerte småkraftverk i Noreg frå i dag og fram til år 2100». Merk at funna som vert gjort i studien omhandlar desse åtte kraftverka, og kan ikkje nødvendigvis overførast til andre kraftverk. Resultata kan like vel være ein indikasjon på generelle endringar ved uregulerte småkraftverk i Noreg i åra framover. Metoden som vert nytta for å berekne framtidsproduksjonen ved kraftverka er å bruke klimamodellar med estimert vassføring fram til år 2100 og biaskorrigere desse mot observert vassføring ved kraftverka. Den korrigererte modellen med vassføring vert så nytta til å berekne produksjonen ved kraftverka. To ulike klimascenario vert undersøkt i studien: RCP4.5 og RCP8.5.

Eg bruker to metodar å berekne dagens og historisk vassføring ved kraftverka: ein som tek utgangspunkt i vassmerker og ein som tek utgangspunkt i kraftverka si produksjonsdata. Dette utgjør dataseriane som klimadataa vert biaskorrigert mot. Biaskorrigeringa vert gjort med to ulike metodar; Empirical Quantile Mapping og Parametric Quantile Mapping. Begge metodane viser seg å gje svært samanfallande resultat dersom den observerte dataserien er lang nok og samanhengande. Men Parametric Quantile Mapping ser ut til å gje noko dårlegare resultat dersom dataseriane er for korte og usamanhengande, noko som er tilfelle ved seriane basert på produksjonsdataa.

Når modelldataa er biaskorrigert, vert resultata delt inn i tre kategoriar etter korleis avrenningsmønsteret er i dag og korleis den endrar seg fram mot år 2100. Kategoriane har eg vald å kalle «Forskyving av vår- og sommaravrenninga», «U-kurva» og «Utjamning». Kraftverka i kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga» har i dag eit avrenningsmønster med høgast avrenning på sommaren, og lite på vinteren. I åra framover vil den høge avrenninga kome tidlegare og tidlegare på året. Kraftverka ved denne kategorien vil ha ei auke i produksjonen framover i tid, og den vil være størst ved klimascenario RCP8.5

Kraftverka i kategorien «U-kurva» har i dag høgast avrenning på vinteren og mindre på sommaren. Slik avrenninga er i dag, kan ein sjå ein liten auke i vassføring på våren, men denne vil forsvinne i tida framover. Utanom det er endringa i avrenning svært liten. Dette vil føre til ein nedgang i både årleg middelvassføring og produksjon ved kraftverka framover i tid.

Kraftverka i kategorien «Utjamning» har i dag eit relativt likt avrenningsmønster som dei i kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga». Det som skil dei frå kvarandre er korleis endringa vil være framover i tid. I tida framover vil avrenninga fordele seg meir utover året i staden for å være høg på sommaren og låg på vinteren. Dette gjer at flaumtapet ved desse kraftverka vert mindre i åra framover, og produksjonen vil stige sjølv om det i nokre tilfelle vil være ei nedgang i middelvassføringa.

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<i>Figuroversikt</i> .....	5
<i>Tabelloversikt</i> .....	9
<i>Formeloversikt</i> .....	11
<b>1 Introduksjon</b> .....	<b>1</b>
<b>2 Teoretisk bakgrunn</b> .....	<b>2</b>
2.1 <i>Vasskraft</i> .....	2
2.2 <i>Komponentane i eit vasskraftverk</i> .....	3
2.3 <i>Nedbørsfelt</i> .....	3
2.4 <i>NEVINA</i> .....	4
2.5 <i>Representative Concentration Pathways (RCP)</i> .....	5
2.5.1 <i>RCP4.5</i> .....	5
2.5.2 <i>RCP8.5</i> .....	5
2.6 <i>Varigheitskurve</i> .....	5
2.7 <i>Definisjonar</i> .....	6
<b>3 Metode</b> .....	<b>7</b>
3.1 <i>Datagrunnlag</i> .....	7
3.1.1 <i>Klimamodellar</i> .....	7
3.2 <i>Val av kraftverk</i> .....	7
3.3 <i>Berekne vassføring ved kraftverket</i> .....	9
3.3.1 <i>Vassføring frå NVE sine vassmerker</i> .....	9
3.3.2 <i>Vassføring frå produksjonsdata</i> .....	10
3.4 <i>Hente modellert data for vassføring</i> .....	12
3.5 <i>Biaskorrigering av modelldataa</i> .....	13
3.5.1 <i>Empirical Quantile Mapping (eQM)</i> .....	14
3.5.2 <i>Parametric Quantile Mapping (gQM)</i> .....	14
3.6 <i>Produksjonsberekning</i> .....	15
3.7 <i>Berekne forandring i vassføring, produksjon og flaumtap</i> .....	16
<b>4 Resultat</b> .....	<b>17</b>
4.1 <i>Nedbørsfelt generert med NEVINA</i> .....	17
4.2 <i>Samanlikning av vassføring frå vassmerke og vassføring frå produksjonsdata</i> .....	17
4.3 <i>Samanlikning av klimasignalet for ulike biaskorrigeringsmetodar</i> .....	21
4.4 <i>Val av dataserie å sjå nærmare på og jobbe vidare med</i> .....	26
4.5 <i>Vassføring ved ulike klimamodellar</i> .....	27
4.6 <i>Framtidig vassføring</i> .....	28
4.6.1 <i>Forskyving av vår- og sommaravrenninga</i> .....	32
4.6.2 <i>U-kurve</i> .....	38

4.6.3	Utjamning .....	45
4.7	<i>Dagens og framtidig produksjon</i> .....	57
4.7.1	Forskyving av vår- og sommaravrenninga .....	58
4.7.2	U-kurva .....	62
4.7.3	Utjamning .....	67
4.8	<i>Endring i flaumtap</i> .....	75
4.8.1	Forskyving av vår- og sommaravrenninga .....	76
4.8.2	U-kurva .....	78
4.8.3	Utjamning .....	80
<b>5</b>	<b>Konklusjon</b> .....	<b>85</b>
<b>6</b>	<b>Bibliografi</b> .....	<b>87</b>
<b>7</b>	<b>Appendix</b> .....	<b>90</b>
<b>8</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>91</b>
8.1	<i>NEVINA rapportar</i> .....	91
8.2	<i>Tabellar med avvik i klimasignalet frå observert data til biaskorrigert data</i> .....	95
8.3	<i>Kvantil-Kvantil-plot med observert, modellert og biaskorrigert data</i> .....	112
8.4	<i>Varigheitskurver for historisk data med</i> .....	115

## Figuroversikt

Figur 1:	Hovedkomponentane i eit vasskraftverk (Kjølle, 2007) .....	3
Figur 2:	Døme på NEVINA-rapport generert for innløpet til Kaldsåni kraftverk. ....	4
Figur 3:	Døme på varigheitskurve med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen og varigheit i prosent i x-aksen .....	5
Figur 4:	Kart over kraftverk brukt i studien .....	8
Figur 5:	Forklaring på formel for overløp .....	11
Figur 6:	Skarpt overløp med breidd og overløpshøgde .....	12
Figur 7:	Kart over Bykle kommune (raudt) med avrenningsfeltet til Kaldsåni kraftverk (grønt) .....	12
Figur 8:	Korrigering av den kumulative fordelingsfunksjonen til modelldata (blå) etter den kumulative fordelingsfunksjonen til observert data (svart). Endringa er vist i raud (Maraun, 2016). .....	13
Figur 9:	Q-Q-plot med historisk modelldata mot observert data (blå) og biaskorrigert historisk modelldata mot observert data (raud) .....	14
Figur 10:	Vassføring ved Kaldsåni berekna frå vassmerke (vist i oransje) og frå produksjonsdata (vist i blått). Vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen .....	18
Figur 11:	Spreiingsplot for vassføring berekna frå vassmerke (y-aksen) og vassføring berekna frå produksjonsdata (y-aksen). Vassføringa er gjeven i m <sup>3</sup> /s og gjeld for Kaldsåni kraftverk i perioden 25.08.16-25.02.18 .....	18
Figur 12:	Vassføring ved Kaldsåni berekna frå produksjonsdata. Vassføring som har gått til produksjon vist i blått, overløp i grønt og minstevassføringa er vist i oransjet. Vassføringa er vist i m <sup>3</sup> /s .....	19
Figur 13:	Varigheitskurver var Modellert, observert og biaskorrigert data for referanseperioden ved Kaldsåni kraftverk. Vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen og varigheit i prosent i x-aksen .....	25

Figur 14: Kvantil-Kvantil-plot for modelldata mot observert data vist i blått og biaskorrigert mot observert data i raut. Eininga i begge aksane er m <sup>3</sup> /s.....	26
Figur 15: Avrenningskurve for Kaldsåni i referanseperioden med alle ti klimamodellar. Biaskorrigeringsmetoden er eQM basert på vassføring frå vassmerke .....	28
Figur 16: Avrenningskurve for Kaldsåni med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	33
Figur 17: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Kaldsåni - RCP4.5 .....	34
Figur 18: Avrenningskurve for Kaldsåni med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	35
Figur 19: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Kaldsåni - RCP8.5 .....	35
Figur 20: Avrenningskurve for Valåe med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	36
Figur 21: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Valåe - RCP4.5.....	36
Figur 22: Avrenningskurve for Valåe med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	37
Figur 23: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Valåe - RCP8.5.....	38
Figur 24: Avrenningskurve for Tysseelva med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	40
Figur 25: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tysseelva - RCP4.5.....	40
Figur 26: Avrenningskurve for Tysseelva med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	41
Figur 27: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tysseelva - RCP8.5.....	41
Figur 28: Avrenningskurve for Ytre Alsåker med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	43
Figur 29: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Ytre Alsåker - RCP4.5 .....	43
Figur 30: Avrenningskurve for Ytre Alsåker med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	44
Figur 31: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Ytre Alsåker - RCP8.5 .....	44
Figur 32: Avrenningskurve for Mouidejohka med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	46
Figur 33: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Mouidejohka - RCP4.5 .....	47
Figur 34: Avrenningskurve for Mouidejohka med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	48
Figur 35: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Mouidejohka - RCP8.5 .....	48
Figur 36: Avrenningskurve for Stublielva med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	49
Figur 37: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Stublielva - RCP4.5 .....	49
Figur 38: Avrenningskurve for Stublielva med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	50
Figur 39: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Stublielva - RCP8.5 .....	51
Figur 40: Avrenningskurve for Tyttbærelva med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	52
Figur 41: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tyttbærelva - RCP4.5 .....	52
Figur 42: Avrenningskurve for Tyttbærelva med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	53
Figur 43: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tyttbærelva - RCP8.5 .....	53

Figur 44: Avrenningskurve for Vanndøla med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5.....	55
Figur 45: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Vanndøla - RCP4.5.....	55
Figur 46: Avrenningskurve for Vanndøla med vassføring i m <sup>3</sup> /s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5.....	56
Figur 47: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Vanndøla - RCP8.5.....	56
Figur 48: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	59
Figur 49: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	59
Figur 50: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	60
Figur 51: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	60
Figur 52: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Valåe i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	61
Figur 53: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Valåe i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	61
Figur 54: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	62
Figur 55: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Valåe i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	62
Figur 56: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	63
Figur 57: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	63
Figur 58: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	64
Figur 59: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	64
Figur 60: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	65
Figur 61: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	65
Figur 62: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	66
Figur 63: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	66
Figur 64: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	67
Figur 65: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	68
Figur 66: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	68
Figur 67: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	69

Figur 68: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	70
Figur 69: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	70
Figur 70: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	71
Figur 71: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	71
Figur 72: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	72
Figur 73: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	72
Figur 74: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	73
Figur 75: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	73
Figur 76: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	74
Figur 77: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5 .....	74
Figur 78: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	75
Figur 79: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5 .....	75
Figur 80: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Kaldsåni kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	77
Figur 81: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Kaldsåni kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	77
Figur 82: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Valåe kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	78
Figur 83: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Valåe kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	78
Figur 84: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tysseelva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	79
Figur 85: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tysseelva kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	79
Figur 86: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Ytre Alsåker kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	80
Figur 87: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Ytre Alsåker kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	80
Figur 88: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Mouidejohka kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	81
Figur 89: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Mouidejohka kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	81
Figur 90: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Stublielva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	82



Figur 91: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Stublielva kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	82
Figur 92: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tyttebærelva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	83
Figur 93: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tyttebærelva kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	83
Figur 94: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Vanndøla kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	84
Figur 95: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Vanndøla kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh.....	84

## Tabelloversikt

Tabell 1: Oversikt over kombinasjonane av globale og regionale klimamodellar som er brukt i studien samt tidsperiodar for tabellane og kva for institusjon dei er utvikla ved .....	7
Tabell 2: Teknisk informasjon om kraftverka brukt i studien .....	9
Tabell 3: Overløpskoeffisientar for skarpt overløp .....	11
Tabell 4: Tabell for verknadsgrader for ulike pådrag .....	16
Tabell 5: Informasjon om nedbørsfelt til alle kraftverka brukt i studien .....	17
Tabell 6: Varigheitskurver – Vassmerkedata mot berekna vassføring frå produksjonsdata Varigheit vist i x-aksen og vassføring i y-akse. Data berekna frå vassmerke er vist i oransje og frå produksjon i blå .....	20
Tabell 7: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data – Kaldsåni – RCP4.5 – Vassføring basert på vassmerke .....	22
Tabell 8: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data - Kaldsåni – RCP4.5 – Vassføring basert på produksjonsdata .....	22
Tabell 9: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data - Kaldsåni – RCP8.5 – Vassføring basert på vassmerke .....	23
Tabell 10: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data - Kaldsåni – RCP8.5 – Vassføring basert på produksjonsdata .....	23
Tabell 11: Liste over dataserie brukt til kvart kraftverk .....	27
Tabell 12: Kart med relativ endring i middelvassføring frå referanseperioden til begge framtidsperiodane og begge klimascenarioa. Endringa er gjeven i prosent, og fargeskalaen er forklart til høgre i tabellen .....	29
Tabell 13: Prosentvis endring i låg, middels og høg vassføring (henhaldsvis 25. persentil, gjennomsnitt og 75. persentil) for alle kraftverka frå referanseperiode til nær framtidsperiode. Vist for år, vinter og sommar og begge klimascenarioa.....	30
Tabell 14: Prosentvis endring i låg, middels og høg vassføring (henhaldsvis 25. persentil, gjennomsnitt og 75. persentil) for alle kraftverka frå referanseperiode til fjern framtidsperiode. Vist for år, vinter og sommar og begge klimascenarioa.....	31
Tabell 15: Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «forskyving av vår- og sommaravrenninga». Tabellen viser endring til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa. ....	32
Tabell 16: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Kaldsåni kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	33
Tabell 17: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Kaldsåni kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	34

Tabell 18: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Valåe kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	36
Tabell 19: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Valåe kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	37
Tabell 20: Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «U-kurva». Tabellen viser endring til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa. ....	38
Tabell 21: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tysseelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	39
Tabell 22: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tysseelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	41
Tabell 23: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Ytre Alsåker for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	42
Tabell 24: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Ytre Alsåker for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	44
Tabell 25: Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «Utjamning». Tabellen viser endring til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa.....	45
Tabell 26: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Mouidejohka for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	46
Tabell 27: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Mouidejohka for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	47
Tabell 28: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Stublielva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	49
Tabell 29: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Stublielva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	50
Tabell 30: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tyttebærelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	51
Tabell 31: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tyttebærelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	53
Tabell 32: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Vanndøla for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5.....	54
Tabell 33: Middelvassføring i m <sup>3</sup> /s ved Vanndøla for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5.....	56
Tabell 34: Prosentvis endring frå referanseperioden 1981-2010 til begge referanseperiodane og ved begge klimascenario. Tabellen viser den relative endringa frå referanseperioden vist i prosent og er fargekoda frå grønt til raud, der grønt er det største auke og raud er den største nedgangen .....	57
Tabell 35: Produksjon i GWh ved Kaldsåni kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5.....	58
Tabell 36: Produksjon i GWh ved Kaldsåni kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5.....	59
Tabell 37: Produksjon i GWh ved Valåe kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5.....	61
Tabell 38: Produksjon i GWh ved Valåe kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5.....	62
Tabell 39: Produksjon i GWh ved Tysseelva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5.....	63

Tabell 40: Produksjon i GWh ved Valåe kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5 .....	64
Tabell 41: Produksjon i GWh ved Ytre Alsåker kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5 .....	65
Tabell 42: Produksjon i GWh ved Ytre Alsåker kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5 .....	66
Tabell 43: Produksjon i GWh ved Mouidejohka kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5 .....	67
Tabell 44: Produksjon i GWh ved Mouidejohka kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5 .....	68
Tabell 45: Produksjon i GWh ved Stublielva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5 .....	69
Tabell 46: Produksjon i GWh ved Stublielva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5 .....	70
Tabell 47: Produksjon i GWh ved Tyttebærelva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5 .....	71
Tabell 48: Produksjon i GWh ved Tyttebærelva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5 .....	72
Tabell 49: Produksjon i GWh ved Vanndøla kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5 .....	74
Tabell 50: Produksjon i GWh ved Vanndøla kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5 .....	75
Tabell 51: Flaumtap ved alle kraftverka i alle tidsperiodane og begge klimascenarioa. Alle verdiane er gjevne i prosent, og er fargemerka frå grønt til raudt, der grønt er dei lågaste verdiane, og raudt dei høgaste.....	76

## Formeloversikt

Formel 1: Potensiell energi .....	2
Formel 2: Kinetisk energi .....	2
Formel 3: Energi frå vasskraft .....	2
Formel 4: Effekten frå vasskraft.....	2
Formel 5: Skaleringsfaktor .....	10
Formel 6: Effektformel løyst for slukeevna.....	10
Formel 7: Overløp .....	11
Formel 8: Darcy-Weisbachs likning.....	15

# 1 Introduksjon

Me har ein lang tradisjon for produksjon av vasskraft i Noreg, og dei første vassdrivne kvernene i landet kan sporast så langt tilbake som til 1200-talet. Naturgitte føresetnader som høgdeskilnader i landskapet, mykje nedbør og iseroderte innsjøar som har fungert som naturlege vassmagasin, har lagt grunnlaget for ei etter kvart storstilt kraftutbygging. I følgje International Energy Agency kjem rundt 95% av straumproduksjonen i Noreg pr. i dag frå vasskraft (International Energy Agency, n.d.) og heile 25% av vasskraftproduksjonen i Europa kjem frå Noreg (Miljødirektoratet, 2019).

Sjølv om andre energikjelder vil gjere seg gjeldande i stadig større grad framover, er det høgst sannsynleg at vasskraft vil fortsette å vere særskilt viktig for Noreg. Men framtida vil med stort sannsyn ha eit anna klima og nedbørsmønster enn det me kjenner frå før. Det rår svært liten tvil om at me no står overfor klimaendringar forårsaka av klimagassutslepp. Temperaturen stig, isbreane smeltar og været er meir ustabil (Pachauri et al., 2015). Dette kjem til å påverke vasskraftproduksjonen i Noreg.

Kanskje vil klimaendringane spesielt påverke dei små og uregulerte kraftverka, som til ei kvar tid er avhengig av at det er nok vatn i elvane for å kunne produsere straum. Det er dette eg ønsker å sjå nærmare på i denne oppgåva. Eg vil ta for meg problemstillinga «*Korleis vil klimaendringane påverke straumproduksjonen ved uregulerte småkraftverk i Noreg frå i dag og fram til år 2100*».

For å svare på problemstillinga vil eg bruke globale og regionale klimamodellar, og korrigere desse mot observert vassføring i åtte kraftverk. Dette vil gje eit meir realistisk bilete av endring i vassføringa. Då vassføringa ikkje er målt direkte ved kraftverka eg undersøker, testar eg ut fleire måtar å berekne denne ut ifrå andre målingar som er gjort. I tillegg bruker eg to typar biaskorrigering for å korrigere klimamodellane mot den berekna vassføringa. Når eg har gjort gode estimat på dagens vassføring og har korrigert klimamodellane med ein metode som ser ut til å fungere, kan eg berekne produksjonen ved kraftverka framover i tid ut ifrå den nye, korrigerte klimamodellen. Klimamodellane eg bruker er basert på to ulike utsleppsscenario, som vil gje ulike endringar i klimaet.

Oppgåva helt no fram med teoretisk bakgrunn, der eg ser nærare på vasskraftproduksjon og avklarar sentrale omgrep eg vil nytta. Deretter gjer eg greie for metodebruk, før det kjem eit kapittel der eg presenterer resultatata av studiet og funna eg har gjort. Konklusjon kjem til slutt.

## 2 Teoretisk bakgrunn

I dette kapittelet tek eg for meg konsept og omgrep som vil være nyttige for å kunne forstå resten av oppgåva.

### 2.1 Vasskraft

Vasskraft handlar om å utnytte forandringa i den potensielle energien i vatn. Potensiell energi kallast gjerne stillingsenergi, då energien er gjeven av den stillinga (eller høgda) ein masse har, og er gjeven ved formelen

*Formel 1: Potensiell energi*

$$E_p = mgh$$

der  $m$  er masse,  $g$  er gravitasjonskonstanten og  $h$  er høgda, som i dette tilfelle er fallhøgda til vatnet. Når vatnet strøymer nedover vert den potensielle energien omdanna til kinetisk energi gjeven ved formelen

*Formel 2: Kinetisk energi*

$$E_K = \frac{1}{2}mv^2$$

der  $v$  er farten til massen. I og med at massen alltid vil være vatn, kan me bytte ut  $m$  i formlane med  $\rho$ , tettleiken til vatn, multiplisert med volumet,  $V$ . I kraftstasjonen vert energien i vatnet omdanna til elektrisk energi ved at det driv ein turbin, som igjen driv en generator. I denne prosessen vil ein tape noko energi, og ein kan derfor legge på ein verknadsgrad  $\eta$ . Verknadsgraden avheng av turbinen og generatoren, og vil variere med pådraget, men er for vasskraft ofte rundt 90%. Alt dette gjev oss til slutt energiformelen for vasskraft:

*Formel 3: Energi frå vasskraft*

$$E_{vasskraft} = \rho Vgh\eta$$

som ein igjen kan dele på tid for å få effekten frå vasskraft:

*Formel 4: Effekten frå vasskraft*

$$P_{vasskraft} = \rho g Q h \eta$$

(Jaffe & Taylor, 2018)

$P$  = Effekt [W]

$E$  = Energi [J] / [Wh]

$\rho$  = Tettleik [kg/m<sup>3</sup>] (1000 kg/m<sup>3</sup> for ferskvatn)

$g$  = Tyngdeakselerasjonen = 9.81 m/s<sup>2</sup>

$Q$  = Volumstram / slukeevne [m<sup>3</sup>/s]

$h$  = Fallhøgd [m]


$\eta$  = Verknadsgrad

## 2.2 Komponentane i eit vasskraftverk

Eit vasskraftverk kan delast inn i mange delar, men kan som vist i Figur 1 delast inn i tre hovuddelar; vassinntak, røyr og turbin (Kjølle, 2007). Ved inntaket renn vatnet gjennom ei varegrind for å filtrere ut større objekt i vatnet, og det er installert luker for å kunne stoppe vassføring ved vedlikehald og liknande.

Vatnet vert så ført ned til turbinen gjennom røret. Turbinen si oppgåve er å omdanne den kinetiske energien i det strøymande vatnet til rotasjonsenergi. Typen turbin avheng av vatnet si fallhøgd og volumstraum. I norske kraftverk er det i hovudsak tre typar turbinar som vert nytta; Kaplan-, Pelton-, og Francisturbinar (Rosvold, 2019c). Kaplanturbinar vert nytta dersom det er ei låg fallhøgd, men høg volumstraum, Peltonturbinar krev ei stor fallhøgd, men treng mindre vassføring og Francisturbinar vert nytta ved midlare fallhøgd og volumstraum. Alle kraftverka i denne oppgåva nyttar ein Peltonturbin.

Turbinen driv ein generator der rotasjonsenergien vert omdanna til elektrisk energi. Elektrisiteten går så gjennom ein transformator for å transformere spenninga opp, avhengig av kva den skal brukast til, men frå småkraftverk vert den gjerne transformert opp til 22 kV for å gå rett ut på distribusjonsnett (BKK, 2019).



Figur 1: Hovedkomponentane i eit vasskraftverk (Kjølle, 2007)


## 2.3 Nedbørsfelt

Eit nedbørsfelt er det området som har avrenning ned til eit bestemt punkt eller kystfelt. Dette punktet kan være ei elv, hav, bekk eller innløpet til eit vasskraftverk. Grensa mellom

nedbørsfeltet kallast vasskiljer. Vasskilja går typisk langs toppar og fjellryggar, men kan være meir skjulte i flate områder. Nedbørsfeltet vert òg kalla avrenningsområde, avrenningsfelt, tilsigsområde eller nedslagsfelt (Heggstad & Rosvolg, 2019). Noreg er delt opp i om lag 20 000 nedbørsfelt som ein kan finne i Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) si nedbørsfeltdatabase REGINE (REGIster over NEdbørsfelt). Her er nedbørsfeltet gjevne eit unikt nummer avhengig av kva vassdrag dei tilhøyrar (Norges vassdrags- og energidirektorat, 2015a).

## 2.4 NEVINA

NEVINA står for Nedbørsfelt-Vannføring-INdeks-Analyse, og er NVE si kartteneste for å generere nedbørsfelt, feltparametrar og vassføringsindeksar for eit vald punkt på noregskartet. NEVINA generer automatisk form og areal på nedbørsfeltet, vassføringsindeksar som middelvassføring og alminneleg lågvassføring, samt feltparametrar som effektiv sjøprosent, snaufjellprosent med meir. I NEVINA er det også mogleg å generere ei shape-fil med all informasjon frå rapporten til vidare bruk i til dømes Matlab. I denne oppgåva er NEVINA brukt for å generere nedbørsfelt ved innløpet til kraftverka. Døme på ein NEVINA-rapport er vist nedanfor i Figur 2.



Figur 2: Døme på NEVINA-rapport generert for innløpet til Kaldsåni kraftverk.

## 2.5 Representative Concentration Pathways (RCP)

Representative Concentration Pathways er FNs klimapanel sine framtidsscenario for klimagassutslepp fram mot år 2100. Klimagassutsleppa reknast som hovudårsaka til den globale oppvarminga frå 1950 og fram til i dag i følge FNs klimapanel (Pachauri et al., 2015), og dei ulike RCPane vert derfor nytta til å sjå på korleis temperaturen og klima generelt vil kunne endre seg frå i dag og fram til år 2100. Det er lagt fram fire scenario; RCP2.6, RCP4.5, RCP6 og RCP8.5. Tala referer til varmetilførselen som jord-atmosfæresystemet vil være tilført fram mot 2100 i  $W/m^2$ . I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i RCP4.5 og RCP8.5.

### 2.5.1 RCP4.5

RCP4.5 er eit moderat scenario der klimagassutsleppa fortsett å auke slik som i dag, men avtek rundt 2040. Dette fører til at klimagasskonsentrasjonen i atmosfæren vil stabilisere seg rundt 2060. Den globale temperaturaukinga ved dette scenarioet vil være på om lag  $2.5^{\circ}C$  frå før-industriell tid til år 2100.


### 2.5.2 RCP8.5

RCP8.5 er det scenarioet med høgast utslepp. Dette scenarioet tek utgangspunkt i at utsleppa kjem til å fortsette å auke i dagens tempo, og vert ofte kalla «business as usual»-scenarioet. Med dette scenarioet vil temperaturen auke med om lag  $4.5^{\circ}C$  frå før-industriell tid til år 2100 (Hanssen-Bauer et al., 2015).

## 2.6 Varigheitskurve

Varigheitskurver verkt brukt for å vise frekvensen for ulike vassføringar ved eit kraftverk. Det er ei kumulativ frekvenskurve, som viser kor stor del av vassføringa som overskrider ulike volumstraumar (Cheremisinoff, 1997). y-aksen viser ulike vassføringar, og x-aksen viser varigheit, altså kor stor del av tida vassføringa overskrider den gjevne volumstraumen, og er som regel gjeven i prosent. Døme på ei varigheitskurve er vist under i Figur 1.

Varigheitskurver vert i hovudsak nytta til vassføring, men kan òg vise andre variablar som til dømes produksjon.



Figur 3: Døme på varigheitskurve med vassføring i  $m^3/s$  i y-aksen og varigheit i prosent i x-aksen



## 2.7 Definisjonar

Anleggsverknadsgrad	Anleggsverknadsgraden til eit vasskraftverk er den totale verknadsgraden til kraftverket. Her er verknadsgraden til turbinen, generatoren, transformatoren og verknadsgraden grunna falltap teke med.
Fallhøgda	Fallhøgda er den vassrette avstanden mellom inntaket og turbinen i eit vasskraftverk (Rosvold, 2020).
Minstevassføring	Minstevassføring er den minste tillate vassføringa pålagt frå NVE nedstraums frå inntaket til eit vasskraftverk. Dette vert pålagt for å oppretthalde plante- og dyreliv med meir i elva. Det vert ofte lagt eit krav til minstevassføring om vinteren og eit anna om sommaren (Norges vassdrags- og energidirektorat, 2009; Rosvold, 2019a).
Pådrag	Pådrag er kor mykje vatn som vert ført gjennom turbinen og går gjerne frå 0 til 1 eller 0 til 100%, der 100% tilsvarar turbinen si maksimale slukeevne.
Småkraftverk	Småkraftverk er definert som vasskraftverk med installert effekt på mellom 1 og 10 MW (Rosvold, 2018).
Spesifikk vassføring	Spesifikk vassføring er vassføringa dividert på arealet til nedbørsfeltet. Den spesifikke vassføringa vert mellom anna brukt for å samanlikne vassføringa ved fleire nedbørsfelt utan å måtte rekne med arealet. Den spesifikke vassføringa er som regel gjeven i l/sKm <sup>2</sup> (Midttømme et al., 2011).
Uregulert vasskraft	Uregulert vasskraft er vasskraft utan reguleringsmagasin, altså er det inga moglegheit til å tilpasse vassføringa og produksjonen til behovet, men produksjonen følger vassføringa i elva (Norges vassdrags- og energidirektorat, 2015b).
Vassføring	Vassføring er volumstraumen av vatn i til dømes eit vassdrag eller eit røyrløp (Rosvold, 2019b).
Vassmerke	Vassmerke er målingar av vassføring ved ein målestasjon i eit vassdrag

## 3 Metode

### 3.1 Datagrunnlag

Datagrunnlaget for denne oppgåva er ti klimamodellar, NVE sine vassmerker, produksjonsdata frå Småkraft og rapportar generert med NEVINA.

#### 3.1.1 Klimamodellar

I denne studien har eg brukt klimamodellar når eg ser på modellert data for vassføring. Modellane starter enten i 1961 eller 1971 og varer fram til 2100 (sjå Tabell 1). Dei ti modellane er ein kombinasjon av ein global og ein regional klimamodell. Dei globale klimamodellane er modellar som beskriv prosessar og endringar i det globale klimaet ved hjelp av matematiske likningar. Gridrutene for desse modellane er typisk på 100x100 km (Hanssen-Bauer et al., 2015). Sjølv om desse klimamodellane beskriv klimaendringane globalt vil det være ein del lokale variasjonar som ikkje vert oppfatta grunna dei store gridrutene. Derfor er det i tillegg nytta lokale klimamodellar som er bygd opp på same måte som dei globale modellane, men med mindre gridruter. Ved hjelp av nedskalering og biaskorrigering, kan ein legge dei lokale klimamodellane oppå dei globale for å få eit betre bilete av klimaendringane for eit mindre område. Nedskaleringa er utført av ulike institusjonar vist i Tabell 1. Alle kombinasjonane av globale og regionale klimamodellar er brukt for både RCP8.5 og RCP4.5 som er beskrive i kapittel 2.5.

Tabell 1: Oversikt over kombinasjonane av globale og regionale klimamodellar som er brukt i studien samt tidsperiodar for tabellane og kva for institusjon dei er utvikla ved

Global klimamodell	Regional klimamodell	Tidsperiode	Institusjon
CNRM	CCLM	1961-2100	Climate Limited-area Modelling Community
CNRM	RCA	1971-2100	Swedish Meteorological and Hydrological Institute
EC-EARTH	CCLM	1961-2100	Climate Limited-area Modelling Community
EC-EARTH	HIRHAM	1961-2100	Danish Meteorological Institute
EC-EARTH	RACMO	1961-2100	Royal Netherlands Meteorological Institute
EC-EARTH	RCA	1971-2100	Swedish Meteorological and Hydrological Institute
HADGEM	RCA	1971-2100	Swedish Meteorological and Hydrological Institute
IPSL	RCA	1971-2100	Swedish Meteorological and Hydrological Institute
MPI	CCLM	1961-2100	Climate Limited-area Modelling Community
MPI	RCA	1971-2100	Swedish Meteorological and Hydrological Institute

### 3.2 Val av kraftverk

Val av kraftverk var ei svært viktig oppgåve, då dette la grunnlaget for resten av oppgåva. Eg hadde eit ønske om å finne kraftverk fordelt utover heile Noreg for å få ei god oversikt over korleis klimaforandringar vil påvirke vasskraftproduksjonen i heile landet. Det viktigaste kriteriet for val av kraftvert var at kraftverket er uregulert. Dei fleste kraftverka Småkraft er

involverte i er uregulerte, men med nokre unntak. Grunnen til at dette var så viktig er at ved eit uregulert kraftverk er samanhengen mellom vassføring og kraftproduksjon svært tydeleg. Dersom ein tek bort minstevassføring og flaumtap vil vassføring og produksjon være tilnærma proporsjonale storleikar med ei lita endring i anleggsverknadsgrad som er ulik ved ulike slukeevner. I tillegg til ei jamn fordeling utover Noreg ønska eg å finne kraftverk både nær og eit stykke frå kysten, og høgt og mindre høgt over havet. Årsaken til det er at eg ønska å finne kraftverk med klimatisk ulike avrenningsområder. Avrenninga vil då være påverka av ulik nedbørmengd, snøsmelting og fordamping. Det siste kravet eg hadde til kraftveka var at det var mogleg å få tak i gode produksjonsdata frå kraftverket. Det skal være målte døgnverdiar for produksjonen ved alle kraftverka, men ikkje alle kraftverka har like lange dataseriar, og nokre av dataseriane er mangelfulle. Det har derfor vore ønskeleg å finne kraftverk med mist tre år med samhengane produksjonsdata med så lite feil som mogleg. Dei åtte kraftverka eg har brukt i denne studien er vist på kartet i Figur 4 , og teknisk informasjon om kraftverka er vist i Tabell 2. Då eg arbeider med åtte ulike kraftverk med ulike avrenningsområder er det ikkje gjeve at funna som vert gjort for desse kan overførast til andre kraftverk då det ikkje er eit representativt utval av kraftverk i Noreg. Likevel kan samanfallande resultat for kraftverk med like eigenskapar som høgde over havet og liknande avrenningsfelt være ein indikasjon på korleis endringa vert fleire stader.



Figur 4: Kart over kraftverk brukt i studien

Tabell 2: Teknisk informasjon om kraftverka brukt i studien

Teknisk informasjon om kraftverka						
Kraftverk	Installert effekt (MW)	Forventa årleg produksjon (GWh)	Inntaks kote (m)	Stasjons kote (m)	Slukeevne (m <sup>3</sup> /s)	Turbin
Kaldsåni	2.8	6.3	969	763	1.66	Pelton
Mouidejohka	5.5	18.5	621.5	140.55	1.5	Pelton
Stublielva	2.9	8.4	290	60	1.6	Pelton
Tysseelva	5.44	16.9	420	80	1.93	Pelton
Tyttebærelva	1.4	4.3	115	8	1.6	Pelton
Valåe	1.7	5.5	875.69	627.37	0.9	Pelton
Vanndøla	3.9	12	703.7	194.3	0.9	Pelton
Ytre Alsåker	4.9	19.4	222	5.5	2.99	Pelton

### 3.3 Berekne vassføring ved kraftverket

Vassføringa ved kraftverka er ikkje målt direkte, men kan bereknast ved hjelp av ulike metodar. Eg har brukt to metodar for å berekne vassføringa ved dei ulike kraftverka. I den første metoden brukte eg NVE sine vassmerker som grunnlag, og i den andre har eg brukt produksjonsdata og målingar frå dei aktuelle kraftverka.

#### 3.3.1 Vassføring frå NVE sine vassmerker

I den første metoden har eg brukt vassmerker for å berekne vassføringa ved kraftverket. Alle kraftverka eg har brukt i oppgåva er i nærleiken av eit eller fleire av NVE sine vassmerker med lange tidsseriar med målt vassføring, og det er desse eg har brukt for å berekne vassføringa ved kraftverket. Avrenningsfeltet ved dei aktuelle vassmerka er samanlikna med avrenningsfeltet ved kraftverket, og skalert med ein faktor for å passe kraftverket. Felta er samanlikna med tanke på blant anna storleik, effektiv sjøprosent, breprosent, og ikkje minst er ein liten avstand mellom felta viktig for at vassmerket kan brukast. Her har eg latt meg inspirere av Småkraft sine hydrologirapportar som er laga i planleggingsfasen av kvart kraftverk. Her er desse samanlikningane gjort allereie, og eg har difor tatt utgangspunkt i dei same vassmerka. Vassmerkedataa er henta frå NVE sin hydrologiske database HYDRA II.

Skaleringsfaktoren som vert brukt for å tilpasse vassmerkedataa til kraftverket er berekna ved hjelp av arealet på avrenningsfelta, og modellert middelvassføring ved avrenningsfeltet til kraftverket og middelvassføring ved vassmerket. Medan middelvassføringa ved vassmerket er målt, er vassføringa ved kraftverket sitt avrenningsfelt modellert med avrenningskartet 1961-1990. Formelen for skaleringsfaktoren er

$$f_s = \frac{Q_k}{Q_v} \cdot \frac{A_k}{A_v}$$

der  $f_s$  er skaleringsfaktoren,  $Q_k$  er middelvassføringa ved kraftverket,  $Q_v$  er middelvassføringa ved vassmerket,  $A_k$  er arealet til avrenningsfeltet til kraftverket og  $A_v$  er arealet til avrenningsfeltet til vassmerket.

### 3.3.2 Vassføring frå produksjonsdata

Sjølv om vassføringa ikkje vert målt direkte ved kraftverket, kan den estimerast ved hjelp av produksjonsdata og andre målingar gjort ved kraftstasjonen. Den totale vassføringa kan delast inn i tre delar: det vatnet som går til produksjon, det som går til minstevassføring og eventuelt det som går i overløp.

#### 3.3.2.1 Vassføring til produksjon

Vassføringa som går til produksjon vert berekna ved hjelp av produksjonsdata frå kraftverket og effektformelen for vasskraft (Formel 4) løyst for slukeevna, slik at formelen vert

$$Q = \frac{\rho g h \eta}{P}$$

Merk at anleggsverknadsgraden vil variere med pådraget. Anleggsverknadsgraden for kraftverket er gjeven av Småkraft for ulike pådrag som er loggført saman med produksjonsdata. Anleggsverknadsgraden er gjeve for kvar tiande prosent av pådraget frå 0 til 100, og eg har difor antekke konstant verknadsgrad i intervallet mellom 0 og 10, 10 og 20 og så vidare opp til mellom 90 og 100. Dette kan gjerast endå meir nøyaktig ved at ein antek at verknadsgraden til dømes endras lineært mellom dei gjevne verknadsgradane, men då forskjellane mellom verknadsgradene er så små spelar dette liten rolle. Pådraget er heller ikkje gjeve direkte i målingane, så her har eg antekke at pådraget vil være det same som  $P/P_0$ , altså effekt delt på maks effekt som går frå 0 til 1 på same måte som pådraget, då det i hovudsak er pådraget som endrar effekten til kraftverket.

#### 3.3.2.2 Minstevassføring

Minstevassføringa skal være loggført ved kraftverket. Dersom minstevassføringa i periodar likevel ikkje er målt, har eg antekke at krava for minstevassføring pålagt frå NVE i kraftverket sin konsesjon er fylgt. I konsesjonen er det som regel gjeve eit krav til minstevassføringa på vinteren og ei anna på sommaren, men den kan òg ha fleire inndelingar eller berre ei konstant minstevassføring gjennom heile året. Eit unntak frå denne antakinga er dersom det kjem tydelig fram at det har vore ein periode med tørke utan noko produksjon der den totale vassføringa er under kravet til minstevassføring.

### 3.3.2.3 Overløp


Den siste delen av den totale vassføringa er det som går i overløp. For å berekne dette har eg brukt trykkmålingane gjort ved inntaket samt informasjon om dammen. Ved inntaka er det trykksensorar som til ei kvar tid måler vasstanden i dammen. I dei periodane der vasstanden er høgare enn dammen er det overløp. Høgda på vatnet over dammen, breidda på dammen og overløpskoeffisienten er så brukt for å berekne overløpet.

Overløpskoeffisienten er basert på forma på demningen. Overløpsberekninga er henta frå NVE sin «Retningslinjer for flomløp» (Norges vassdrags- og energidirektorat, 2005), der formelen for overløpet er

Formel 7: Overløp

$$Q = C \cdot L_{eff} \cdot H_0^{3/2}$$

der Q er volumstraumen til overløpet, C er overløpskoeffisienten, L er lengda på overløpet og  $H_0$  er høgda på overløpet.  $H_0$  er vist i Figur 5.




Figur 5: Forklaring på formel for overløp

Kraftverka eg har brukt i oppgåva har dammar med skarpkanta overløp, og eg har derfor teke utgangspunkt i overløpskoeffisientar henta frå ein tabell i «Retningslinjer for flomløp» vist under (Tabell 3), der koeffisienten er vald basert på breidda på dammen og høgda på overløpet. Dette er også vist i Figur 6. Måla på dammane er henta frå arbeidsteikningar frå Småkraft.

Tabell 3: Overløpskoeffisientar for skarpt overløp


H/B	0.1	0.2	0.5	1.0	2.0
C	1.4	1.45	1.5	1.55	1.8



Figur 6: Skarpt overløp med breidd og overløpshøgde

### 3.4 Hente modellert data for vassføring


For å få tak i den modellerte vassføringa for kvart kraftverk måtte eg starte med å berekne avrenningsfelta. Til dette brukte eg NEVINA, og genererte eit felt frå inntaket til kvart kraftverk. Avrenningsfelta lasta eg så ned som ei shape-fil med lengdegrader og breiddegrader. Sjølv modelldataa er henta frå Norsk Klimaservicesenter (KSS) der modellert avrenningsdata finnes for heile Noreg i grid på 1x1 km. Herifrå henta eg avrenningsdataa frå 1971-2100 for alle ti klimamodellar og begge utslepps-/klimascenarioa. For å hente ut avrenningsdataa for dei felta eg allereie hadde generert i NEVINA lasta eg ned avrenninga for dei kommunane kraftverka ligg i, og i nokre tilfelle lasta eg ned dei nærliggande kommunane dersom avrenningsfeltet strakk seg over fleire kommunar. Når eg hadde lasta ned både avrenningsfeltet frå NEVINA og modelldata frå Norsk Klimaservicesenter, brukte eg Matlab til å plukke ut avrenningsdataa for avrenningsfelta. Eit eksempel på dette er vist i Figur 7. Her er modellert avrenningsdata for Bykle kommune henta frå KSS, medan avrenningsfeltet for Kaldsåni kraftverk er generert med NEVINA. Bykle kommune er vist i raudt, medan avrenningsfeltet er vist i grønt. Det eg står igjen med etter denne prosessen er avrenningsdata for kraftverket frå 1971-2100 for to klimascenario som begge er berekna med ti klimamodellar.



Figur 7: Kart over Bykle kommune (raudt) med avrenningsfeltet til Kaldsåni kraftverk (grønt)

### 3.5 Biaskorrigering av modelldataa

Sjølv om modelldataa allereie er biaskorrigert då dei vart nedskalert frå global til regional klimamodell, og er henta ut akkurat for dei aktuelle avrenningsfelta, tyder ikkje det nødvendigvis at dei er korrekte. Ingen klimamodellar vil være heilt nøyaktige, og vil derfor ha eit bias i forhold til realiteten. For å gjere modelldataa så nøyaktige som mogleg har eg korrigert dei mot observert data (frå vassmerke og produksjonsdata) gjennom biaskorreksjon. Biaskorreksjon er ein metode for å forbetre modelldata (ofte klimamodellar) ved å korrigere det mot observert data, altså målingar av det modellen skal simulere. Ved at ein deler modelldataa opp i historisk og framtidig data, kan ein samanlikne dei historiske modelldataa med observert data for den same perioden, og rette opp i biasen som ein då finn i modellen. Denne endringa vert så lagt på den framtidige modelldataen for å få ein betre modell. Det er mange metodar for å gjere dette, men eg har vald å sjå på to av dei i denne oppgåva: Empirical Quantile Mapping og Parametric Quantile Mapping. Begge metodane er variantar av quantile mapping, som er ein måte å korrigere biasen i modelldataa ved å endre den kumulative fordelingsfunksjonen til modelldatasettet etter den kumulative fordelingsfunksjonen til det observerte datasettet (Heo, Ahn, Shin, Kjeldsen, & Jeong, 2019). Dette er vist i Figur 8 henta frå Bias Correcting Climate Change Simulations – A Critical Review (Maraun, 2016) der den kumulative fordelingsfunksjonen til både observert og modellert data er vist, og korleis fordelinga til modelldataa endrar seg.




Figur 8: Korrigering av den kumulative fordelingsfunksjonen til modelldata (blå) etter den kumulative fordelingsfunksjonen til observert data (svart). Endringa er vist i raud (Maraun, 2016).

Eg har brukt ein toolbox til Matlab kalla Meteolab for å gjere biaskorrigeringane. Toolboxen er mellom anna omtala i kapittelet «Usefull resources» i boka Statistical Downscaling and Bias Correction for Climate Research utgjeidd av Cambridge University Press (Maraun & Widmann, 2018).



### 3.5.1 Empirical Quantile Mapping (eQM)

Empirical Quantile Mapping er ein metode for biaskorleksjon som endrar modelldataa si kumulative distribusjonsfunksjon ved å legge til både den gjennomsnittlege delta-endringa, og den individuelle delta-endringa for dei observerte kvantilane. Dette er vist eit døme på i kvantil-kvantil-plottet (Q-Q-plottet) i Figur 9 under, der kvantilane til dei historiske modelldataa for Kaldsåni er plotta mot kvantilane til dei observerte dataa for det same kraftverket (vist i blå). Deretter er kvantilane til dei historiske biaskorrigerte modelldataa plotta mot kvantilane til dei observerte dataa (vist i raud). Dersom biaskorrigeringa er korrekt, har kvantilane til modelldataa endra seg til å stemme overeins med dei observerte dataa, og derfor legge seg langs den svarte referanselinja.



Figur 9: Q-Q-plot med historisk modelldata mot observert data (blå) og biaskorrigert historisk modelldata mot observert data (raud)

Meteolab bruker (Déqué, 2007) sin metode for å gjere Empirical Quantile Mapping der det er dei 99 persentilane det vert utført ein korreksjonsfunksjon på, og det vert interpolert lineært mellom persentilane for dataa som er mellom to persentilar. Denne metoden er ein empirisk medtode for quantile mapping som ikkje antek type fordeling på modellert eller observert data.

### 3.5.2 Parametric Quantile Mapping (gQM)

Parametric Quantile Mapping er ein metode for biaskorrigering som tek utgangspunkt i at både modellert og observert data omtrentleg følger ein gamma-distribusjon. Det er difor ein metode som i hovudsak vert brukt for å biaskorrigere nedbørsdata, som ofte følger i gamma-fordeling (Piani, Haerter, & Coppola, 2010). Meteolab tek utgangspunkt i (Piani et al., 2010) for å utføre biaskorrigeringa, som beskriv at sjølv om begge dataseriane har ei gamma-fordeling, vil form- og skalaparametrane være ulike, og det er desse som må endrast i

modelldataa. Disse to parametrane vert då endra med ein overføringsfunksjon som vert framstilt grafisk.

Det at metoden tek utgangspunkt i ein type fordeling av dataseriane kan være både positivt og negativt avhengig av i kor stor grad dataseriane faktisk følger den denne fordelinga. Sjølv om ein antek at vassføring, som nedbør, ofte følger er gamma-fordeling er det ikkje sikkert at denne fordelinga kjem tydeleg nok fram for ein kort dataserie. Noko som er tilfelle for den observerte dataserien berekna frå å produksjonsdataa. Her er seriane berre mellom to og tre år, noko som ikkje alltid er nok til å få fram den reelle fordelinga.

### 3.6 Produksjonsberekning

Produksjonen ved dei ulike kraftverka, både dagens og framtidig produksjon, er berekna ved hjelp av Småkraft sin produksjonsmal. Småkraft bruker eit Excel-ark der ein kan legge inn all teknisk informasjon om kraftverket i tillegg til dagleg avrenning for å rekne ut dagleg produksjon frå kraftverket. Malen tek utgangspunkt i Formel 4, effektformelen for vasskraft der anleggsverknadsgraden,  $\eta$ , er produktet av verknadsgraden til turbinen, generatoren, aggregatet, og ein verknadsgrad grunna falltap. Falltapet vert berekna frå Darcy-Weisbachs likning:

*Formel 8: Darcy-Weisbachs likning*

$$h_f = f_d \cdot \frac{L}{D} \cdot \frac{V^2}{2g}$$

der  $h_f$  er falltapet i meter,  $f_d$  er ein friksjonskoeffisient som er anteke på grunnlag av materialet røret er laga av (GRP og PE-røyr har ein  $f_d$  på 0.012),  $L$  er lengda på røret  $D$  er den indre diameteren,  $g$  er gravitasjonsakselerasjonen og  $V$  er farten til vatnet som er volumstraumen til vatnet dividert på tversnitsarealet til røret (Brown, 2002).

Verknadsgraden frå falltapet kan då bereknast som brutto fallhøgde minus falltapet dividert på brutto falltap. Turbin- og generator-verknadsgraden avheng av storleik og type turbin og generator, og er henta frå Småkraft. Transformatorverknadsgraden er anteke å være konstant 99%. Døme på tabell for verknadsgrader for ulike pådrag er vist under i Tabell 4.

Tabell 4: Tabell for verknadsgrader for ulike pådrag

Verknadsgrader							
Q/Q0	Turbin	Generator	Trafo	Aggregat	Falltap	Q/Q0	Anleggs- verknadsgrad.
%	kontrakt	kontrakt	antatt		m	%	%
100 %	90.00 %	96.0 %	99 %	86 %	13.6	100 %	80 %
90 %	90.00 %	96.0 %	99 %	86 %	11.0	90 %	81 %
80 %	89.00 %	96.0 %	99 %	85 %	8.7	80 %	81 %
70 %	88.00 %	96.0 %	99 %	84 %	6.6	70 %	81 %
60 %	88.00 %	95.5 %	99 %	83 %	4.9	60 %	81 %
50 %	87.00 %	95.0 %	99 %	82 %	3.4	50 %	80 %
40 %	87.00 %	94.0 %	99 %	81 %	2.2	40 %	80 %
30 %	87.00 %	92.0 %	99 %	79 %	1.2	30 %	79 %
20 %	86.00 %	90.0 %	99 %	77 %	0.5	20 %	76 %
10 %	85.00 %	85.0 %	99 %	72 %	0.1	10 %	71 %

I tillegg til verknadsgradene vert minstevassføringa for ulike årstider lagt inn i malen, og flaum vert berekna ved vassføring minus maks slukeevne når vassføringa overstig maks slukeevne.

Produksjonsmalen reknar òg ut kor mykje av vassføringa som vert flaumtap. Då alle kraftverka er uregulerte, vil all vassføringa som ikkje går til produksjon eller minstevassføring renne over inntaksdammen som flaum. Dette vert berekna ved at ein tek total vassføring minus det som går til produksjon (altså kraftverket si slukeevne) og minstevassføring. Flaumtapet vert då gjeven som ein prosent av den totale vassføringa.

### 3.7 Berekne forandring i vassføring, produksjon og flaumtap

Når eg ser på endringa i vassføring, produksjon og flaumtap har eg vald å dele tidsseriane opp i tre periodar; ein referanseperiode frå 1981-2010, ein nært framtidperiode frå 2031-2060 og ein fjern framtidperiode frå 2071-2100. Årsaken til at eg bruker desse tretti-års periodane er at dei gjer det mogleg å samanlikne og sjå på korleis vassføringa og produksjonen endrar seg utan at ein ser på enkeltår, noko som ville ha gitt til eit mindre nøyaktig resultat. Ved å bruke desse tre periodane kan eg sjå på den prosentvise endringa i vassføring, produksjon og flaumtap frå referanseperioden og fram til dei ulike framtidperiodane. Resultata for kvart år vert òg delt opp etter sommar og vinter på same måte som kraftverk ofte har inndelt vinter- og sommar- minstevassføring med vinter frå 1. oktober til 30. mai, og sommar resten av året.

## 4 Resultat

### 4.1 Nedbørsfelt generert med NEVINA


Tabell 5 viser informasjon om dei ulike nedbørsfeltene frå dei genererte NEVINA-rapportane. Dei fullstendige rapportane er å finne i vedlegg kapittel 8.1.

Tabell 5: Informasjon om nedbørsfeltene til alle kraftverka brukt i studien


Informasjon om nedbørsfelt					
Kraftverk	Areal (km <sup>2</sup> )	Minste høgd (moh.)	Største høgd (moh.)	Bre (%)	Effektiv sjø (%)
Kaldsåni	11.9	972	1343	0.0	1.6
Mouidejohka	13.7	618	1360	0.9	1.3
Stublielva	25.9	285	1615	0.8	0.5
Tysseelva	10.7	392	925	0.0	9.4
Tyttebærelva	12.8	112	1489	0.0	0.0
Valåe	24.5	883	1741	1.3	0.4
Vanndøla	8.8	705	1641	5.0	0.0
Ytre Alsåker	20.1	216	1366	0.0	0.7

### 4.2 Samanlikning av vassføring frå vassmerke og vassføring frå produksjonsdata

Når eg ser på dei to metodane som er brukt for å berekne vassføringa ved kraftverka er det klare fordelar og ulemper med begge metodane. Fordelen med vassføringa berekna frå vassmerket er at den er basert på faktiske målingar av vassføring, men ulempa er at den ikkje er målt ved kraftverket, men er berekna med ein skaleringsfaktor. Vassføringa berekna frå produksjonsdata er derimot basert på målingar ved kraftverket, men det er større usikkerheit i berekninga då den ikkje er frå målingar av vassføring, men er omrekna frå produksjonsdata som i tillegg inneheld ein del feil. Resultat frå begge metodane er vist i Figur 10 som viser vassføringa ved Kaldsåni kraftverk på ein periode på omlag to år. Figuren viser at begge metodane gjev svært like resultat, noko som òg kjem fram i spreingsplottet i Figur 12 som viser ein korrelasjonskoeffisient på 0.896 mellom dei same resultatene. Her er vassføringa frå produksjonsdataa vist i x-aksen og vassføringa frå vassmerket i y-aksen. Sjølv om begge metodane ser ut til å gje liknande resultat vil dei sannsynlegvis aldri gje nøyaktig det same då dei er berekna frå to ulike avrenningsfelt.




Figur 10: Vassføring ved Kaldsåni berekna frå vassmerke (vist i oransje) og frå produksjonsdata (vist i blått). Vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen



Figur 11: Spreiingsplot for vassføring berekna frå vassmerke (y-aksen) og vassføring berekna frå produksjonsdata (y-aksen). Vassføringa er gjeven i m<sup>3</sup>/s og gjeld for Kaldsåni kraftverk i perioden 25.08.16-25.02.18

Figur 12 viser eit døme på vassføring berekna frå produksjonsdata for Kaldsåni kraftverk. Her er dei tre delane av vassføringa vist i kvar sin farge, og saman viser dei den totale vassføringa ved kraftverket. Det største usikkerheitsmomentet her er, som nemnd i metodedelen, overløpet som er mykje meir ujamn enn dei andre delane av vassføringa. Men utifrå samanlikninga av vassføringar vist i Figur 10, kan det sjå ut som at desse toppane stemmer overeins med realiteten. Middelvassføringa berekna frå produksjon frå denne perioden er 0.635 m<sup>3</sup>/s, vassmerket har ei middelvassføring på 0.644 m<sup>3</sup>/s i denne perioden, og NEVINA-rapporten for Kaldsåni gjev ei middelvassføring på 0.652 m<sup>3</sup>/s (NEVINA-rapporten baserer middelvassføringa på NVE sitt avrenningskart for perioden 1961-1990) (Norges vassdrags- og energidirektorat, 2019).





Figur 12: Vassføring ved Kaldsåni berekna frå produksjonsdata. Vassføring som har gått til produksjon vist i blått, overløp i grønt og minstevassføringa er vist i oransjet. Vassføringa er vist i m<sup>3</sup>/s

Tabell 6 viser varigheitskurver for alle kraftverka med det som vert brukt som observert data i biaskorrigeringa, altså vassføring berekna frå vassmerke og frå produksjonsdata. Her kjem det fram at sjølv om metoden for berekna vassføring frå produksjon har sett ut til å fungere (basert på blant anna Figur 10 og Figur 11), gjev generelt vassføringa frå vassmerka sannsynlegvis eit meir realistisk av bilete av vassføringa i elvene. Først og fremst er kurva med vassføring frå produksjon mykje meir ujamn enn vassmerkekurva. Dette kjem blant anna frå at tidsserien med produksjonsdata er mykje kortare enn vassmerket.

Produksjonsdataa som er brukt er to til tre år, medan vassmerkedataserien er opp til 40. Den andre mangelen er at sjølv ved dei kraftverka der kurvene følger kvarandre godt, kan den høgaste vassføringa være svært ulik. Dette kan ha fleire årsaker; i dei tilfella der vassmerka har ein høgare topp kan det koma av at det er målt eit år med ein stor flaum som ikkje er med i produksjonsdataserien, men det kan òg kome av at målet på overløpshøgda ved inntaka til kraftverka er unøyaktige. Dette er sannsynlegvis hovudårsaka til at ved nokre kraftverkt er toppen til produksjonsdataa mykje høgare enn toppen til vassmerkedataa. Då vassføringa ved overløp aukar eksponensielt med overløpshøgda (sjå Formel 7), vil berre nokre centimeter feil på målet på damhøgda resultere i ei mykje høgare vassføring. Til slutt kan ein sjå at varigheitskurva frå produksjonsdataa i fleire av tilfella ligg på eller rett over 0 m<sup>3</sup>/s mykje lengre enn det vassmerkedataa gjer, og sannsynlegvis det som er reelt. Dette kan være fordi kraftverket, eller måleapparata ved kraftverket, har vore nede i periodar.

Tabell 6: Varighetskurver – Vassmerkedata mot berekna vassføring frå produksjonsdata Varighet vist i x-aksen og vassføring i y-akse. Data berekna frå vassmerke er vist i oransje og frå produksjon i blå





### 4.3 Samanlikning av klimasignalet for ulike biaskorrigeringsmetodar

Ein måte å teste om biaskorrigeringa har vore suksessfull er å sjå om klimasignalet til dei observerte dataseriane er overført til den korrigerte dataserien. Då det er dei observerte dataa modellane er korrigert mot, bør avviket mellom dei to være så lite som mogleg. Dette har eg undersøkt ved å samanlikne årleg vassføring, månadleg vassføring og låg, middels, høg og ekstrem vassføring (25, 50, 75 og 99.5 persentil) for observert og korrigert data i same periode, og ser på det absolutte relative avviket mellom dei to. Dette er vist for Kaldsåni i Tabell 7 til Tabell 10. Tabellane viser vassføringa i m<sup>3</sup>/s til venstre for både observert data og korrigert data for dei to ulike korrigeringsmetodane, samt det relative avviket mellom observert og korrigert data i prosent til høgre. Det er fire slike tabellar då eg ser på to klimascenario og to metodar for å berekne vassføring per kraftverk. Begge



metodane for biaskorrigerering er vist i kvar tabell. Tilsvarende tabellar for dei andre kraftverka er å finne i vedlegg kapittel 8.2.

Tabell 7: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data – Kaldsåni – RCP4.5 – Vassføring basert på vassmerke

Kaldsåni – RCP4.5 – Vassmerke					
	Observert data [m <sup>3</sup> /s]	eQM [m <sup>3</sup> /s]	gQM [m <sup>3</sup> /s]	eQM – Avvik (%)	gQM - Avvik (%)
Årleg vassføring	0.666	0.692	0.693	3.875	3.978
Januar	0.119	0.184	0.181	54.152	51.943
Februar	0.093	0.119	0.121	28.354	30.371
Mars	0.078	0.096	0.094	23.559	21.477
April	0.347	0.172	0.178	50.535	48.670
Mai	2.308	0.868	0.880	62.378	61.869
Juni	1.884	2.599	2.609	37.913	38.462
Juli	0.711	2.247	2.247	216.020	216.095
August	0.476	0.543	0.504	14.023	5.720
September	0.573	0.242	0.242	57.685	57.848
Oktober	0.752	0.447	0.458	40.585	39.050
November	0.420	0.483	0.482	14.934	14.656
Desember	0.202	0.279	0.291	38.094	44.086
25 Persentil	0.085	0.152	0.152	78.285	78.373
Median	0.243	0.297	0.297	22.260	22.029
75 Persentil	0.763	0.725	0.722	4.950	5.426
99.5 Persentil	6.268	3.799	3.764	39.383	39.951
<b>Gjennomsnittleg avvik</b>				<b>46.293</b>	<b>45.883</b>

Tabell 8: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data - Kaldsåni – RCP4.5 – Vassføring basert på produksjonsdata

Kaldsåni – RCP4.5 – Produksjonsdata					
	Observert data [m <sup>3</sup> /s]	eQM [m <sup>3</sup> /s]	gQM [m <sup>3</sup> /s]	eQM – Avvik (%)	gQM – Avvik (%)
Årleg vassføring	0.653	0.708	0.723	8.298	10.656
Januar	0.277	0.279	0.167	0.855	39.564
Februar	0.586	0.174	0.108	70.263	81.639
Mars	0.493	0.109	0.081	77.804	83.661
April	0.422	0.184	0.165	56.493	60.901
Mai	1.911	0.779	0.907	59.207	52.521
Juni	1.074	2.159	2.826	100.968	163.111
Juli	0.279	2.212	2.434	693.557	773.183
August	0.688	0.606	0.510	11.869	25.871
September	0.524	0.397	0.230	24.199	56.137
Oktober	0.626	0.561	0.458	10.387	26.936
November	0.453	0.586	0.480	29.469	5.990

Desember	0.507	0.412	0.282	18.873	44.434
25 prosentil	0.172	0.242	0.136	40.631	20.937
Median	0.443	0.438	0.285	1.074	35.716
75 Prosentil	0.716	0.722	0.741	0.859	3.503
99.5 Prosentil	4.823	4.084	4.104	15.328	14.906
<b>Gjennomsnittleg avvik</b>				<b>71.773</b>	<b>88.216</b>

Tabell 9: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data - Kaldsåni – RCP8.5 – Vassføring basert på vassmerke

<b>Kaldsåni – RCP8.5 – Vassmerke</b>					
	Observert data [m <sup>3</sup> /s]	eQM [m <sup>3</sup> /s]	gQM [m <sup>3</sup> /s]	eQM – Avvik (%)	gQM – Avvik (%)
Årleg vassføring	0.666	0.670	0.692	0.537	3.875
Januar	0.119	0.203	0.184	70.226	54.152
Februar	0.093	0.121	0.119	30.330	28.354
Mars	0.078	0.086	0.096	10.527	23.559
April	0.347	0.167	0.172	51.932	50.535
Mai	2.308	0.789	0.868	65.814	62.378
Juni	1.884	2.255	2.599	19.664	37.913
Juli	0.711	2.181	2.247	206.838	216.020
August	0.476	0.567	0.543	19.008	14.023
September	0.573	0.306	0.242	46.676	57.685
Oktober	0.752	0.498	0.447	33.774	40.585
November	0.420	0.520	0.483	23.787	14.934
Desember	0.202	0.316	0.279	56.561	38.094
25 prosentil	0.085	0.174	0.152	104.696	78.285
Median	0.243	0.355	0.297	46.089	22.260
75 Prosentil	0.763	0.701	0.725	8.095	4.950
99.5 Prosentil	6.268	3.920	3.799	37.461	39.383
<b>Gjennomsnittleg avvik</b>				<b>48.942</b>	<b>46.293</b>

Tabell 10: Avvik i klimasignalet til observert og korrigert data - Kaldsåni – RCP8.5 – Vassføring basert på produksjonsdata

<b>Kaldsåni – RCP8.5 – Produksjonsdata</b>					
	Utan korrigering [m <sup>3</sup> /s]	eQM [m <sup>3</sup> /s]	gQM [m <sup>3</sup> /s]	eQM – Avvik (%)	gQM – Avvik (%)
Årleg vassføring	0.653	0.688	0.707	5.242	8.134
Januar	0.277	0.289	0.177	4.467	36.031
Februar	0.586	0.186	0.112	68.164	80.802
Mars	0.493	0.123	0.089	75.133	81.986
April	0.422	0.186	0.162	56.050	61.762
Mai	1.911	0.776	0.880	59.394	53.931
Juni	1.074	1.999	2.706	86.064	151.914

Juli	0.279	2.030	2.337	628.496	738.652
August	0.688	0.646	0.544	6.157	20.936
September	0.524	0.412	0.234	21.413	55.306
Oktober	0.626	0.567	0.447	9.460	28.669
November	0.453	0.595	0.489	31.387	7.995
Desember	0.507	0.412	0.272	18.728	46.334
25 prosentil	0.172	0.252	0.144	46.412	16.257
Median	0.443	0.448	0.290	1.027	34.623
75 Prosentil	0.716	0.736	0.740	2.787	3.446
99.5 Prosentil	4.823	3.544	4.016	26.521	16.740
<b>Gjennomsnittleg avvik</b>				<b>67.465</b>	<b>84.913</b>

Mykje kan tyde på at dersom dataserien for observert data er god, det vil seie lang nok, samanhengande og med riktig fordeling, spelar det liten rolle om ein bruker eQM eller gQM som biaskorrigeringsmetode. I Tabell 7 og Tabell 9 der det er vassmerket som vert brukt som observert data, kjem det tydelig fram at sjølv om det er varierende avvik i klimasignalet, er avviket i dei fleste tilfella i same storleiksorden for eQM og gQM. I Tabell 8 og Tabell 10 der produksjonsdata er brukt til observert data er det derimot mindre samheng mellom endringa ved bruk av eQM og gQM. Dette kjem òg fram i tabellane for den andre kraftverka vist i vedlegget i kapittel 8.2.


I tillegg til ei varierende endring mellom eQM og gQM ved bruk av produksjonsdata kjem det òg fram at endringa er større når ein bruker gQM enn eQM ved dei same tilfella. Dette kan tyde på at det er dataserien for observert data som er problemet og ikkje biaskorrigeringsmetoden. gQM er ein metode som brukast når både observert og modellert data har eller liknar ein gamma-fordeling. Det er anteke at avrenninga ved kraftverket skal være tilnærma gamma-fordelt, men denne fordelinga kan være vanskeleg å oppnå dersom dataserien ikkje er lang nok eller har for mange feil. Dette er tilfellet for fleire av tidsseriane frå produksjonsdataa.

Sjølv om det for alle tilfella kjem fram at det er ein del variasjonar i klimasignalet frå observert til korrigert data, gjer modellane ein god jobb med å halde på gjennomsnittet (her som årleg vassføring). For Kaldsåni berekna med vassmerke, eQM og RCP8.5 er endringa i årleg vassføring berre 0.537%, og for Ytre Alsåker og dei same kriteria er endringa 0.082%. Median og 75. prosentil er òg lite endra i ein del av tilfella.

Når ein ser på dei ulike klimascenarioa er endringa relativt lik, men avviket er noko mindre ved bruk av RCP8.5 enn RCP4.5. Dersom ein ser på gjennomsnittet av det totale avviket for alle kraftverka ligg det på 74.98% for RCP4.5 og 66.90% for RCP8.5, også for dei fire ulike resultatata for dei ulike klimascenarioa (kombinasjonar av ulik observert data og biaskorrigeringsmetode) er det totale gjennomsnittet for alle kraftverka alltid lågare for RCP8.5 enn 4.5. Det høgaste avviket for eit kraftverk er òg for RCP4.5, og det lågaste er for

RCP8.5. Det høgaste er ved Mouidejohka med vassmerkedata, gQM og RCP4.5 på 141.37% og det lågaste ved Tyttebærelva vassmerkedata, eQM og RCP8.5 på 20.96%.


For å undersøke biaskorrigeringa vidare har eg samanlikna varigheitskurvene for modellert, observert og biaskorrigert data for referanseperioden (observert data er ikkje alltid nøyaktig same periode, men er for den perioden dataa er målt). Dette er vist i Figur 13 der desse varigheitskurvene er vist for Kaldsåni kraftverk. Då figuren viser historisk data bruker eg berre eit av klimascenario her (RCP4.5) då dei er tilnærma identiske i denne perioden. Figuren viser korleis varigheitskurvene for dei biaskorrigerte dataa endrar seg frå modelldataserien mot å likne meir på dei observerte dataseriane. Kor godt varigheitskurvene il modelldataa endrar seg mot varigheitskurvene til dei observerte kan være ein indikator på kor vellukka biaskorrigeringa har vore. Varigheitskurvene for alle kraftverka er å finne i vedlegg kapittel 8.4.



Figur 13: Varigheitskurver var Modellert, observert og biaskorrigert data for referanseperioden ved Kaldsåni kraftverk. Vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen og varigheit i prosent i x-aksen

Til slutt har eg samanlikna historisk modellert-, observert og biaskorrigert data i eit kvantil-kvantil-plot (Q-Q-plot). Figur 14 viser eit slikt plot for Kaldsåni kraftverk. Her samanliknar eg observert data med historisk modelldata før og etter biaskorrigering. Dei blå punkta viser før, og dei raude etter biaskorrigeringa. Dersom dei raude punkta følger den svarte

referanselinja tyder det på at fordelinga til dei historiske modelldataa og dei biaskorrigererte dataa for den same perioden er lik, og at biaskorrigeringa dermed har fungert.



Figur 14: Kvantil-Kvantil-plot for modelldata mot observert data vist i blått og biaskorrigert mot observert data i raut. Eininga i begge aksane er  $m^3/s$

Tilsvarende plot for alle kraftverka er å finne i vedlegg kapittel 8.3.

#### 4.4 Val av dataserie å sjå nærmare på og jobbe vidare med

Når eg har jobba med biaskorrigeringa og test av metodar har eg jobba med åtte dataseriar per kraftverk; kombinasjonar av ulik observert data, ulike biaskorrigeringsmetodar og ulike klimascenarior. I vidare arbeid med kraftverka har eg plukka ut to dataseriar per kraftverk å sjå nærmare på – ein for kvart klimascenarior. Seriane er plukka ut med tanke på kva biaskorrigeringsmetode og observert data som ser ut til å ha fungert best for det kraftverket. Når eg ser på vassføringa bruker eg alle resultatane for kraftverka, men går nærmare inn på eit av resultatane, då dette er det eg vil berekne framtidig produksjon frå. Når eg bereknar produksjon frå dei ulike kraftverka er det i hovudsak den utvalde dataserien eg brukar.

Når eg har vald ut dataserien for kvart kraftverk har eg starta med å sjå på dei observerte dataa vist i Tabell 6 der vassføring berekna frå vassmerke og produksjonsdata er samanlikna. Her kjem det fram at nokre av varigheitskurvene som er berekna frå produksjonsdata skil seg ut frå det som er ei normal og meir realistisk varigheitskurve for vassføring. Vidare har eg sett på resultatane i 4.3 og har plukka ut den modellen der det er minst mogleg avvik mellom observert og korrigert data. Dataseriane eg har vald å jobbe vidare med er vist i Tabell 11.


Tabell 11: Liste over dataserie brukt til kvart kraftverk

Kraftverk	Observert data	Biaskorrigeringsmetode	Totalt avvik i klimasignal	
			RCP4.5	RCP8.5
Kaldsåni	Vassmerke	eQM	46.3%	48.9%
Mouidejohka	Vassmerke	gQM	141.4%	123.9%
Stublielva	Vassmerke	gQM	28.5%	26.9%
Tysseelva	Vassmerke	eQM	35.8%	29.6%
Tyttebærelva	Vassmerke	gQM	22.0%	21.0%
Valåe	Vassmerke	eQM	35.1%	34.2%
Vanndøla	Vassmerke	eQM	102.9%	103.0%
Ytre Alsåker	Vassmerke	gQM	69.9%	76.4%

Årsaken til at eg har plukka ut ein dataserie i staden for å til dømes bruke gjennomsnittet av dei ulike dataseriane er at i nokre tilfelle er det eit så stort avvik mellom dei ulike dataseriane at det er meir hensiktsmessig å jobbe med den serien som mest realistisk enn å blande dei ulike resultatata.

#### 4.5 Vassføring ved ulike klimamodellar

Val av klimamodell vil spele ei stor rolle på korleis den nye avrenninga vert. Figur 12 viser den gjennomsnittlege vassføringa over eit år i referanseperioden med alle ti klimamodellane ved Kaldsåni kraftverk etter dei er biaskorrigert med eQM mot vassføringa frå vassmerket. Her ser ein at ved bruk av klimamodellen CNRM\_CCLM får ein ei vassføring på 4.06 m<sup>3</sup>/s som høgaste daglege gjennomsnitt i denne perioden, men ved bruk av HADGEM\_RCA vert den gjennomsnittlege daglege vassføringa aldri høgare enn 2.80 m<sup>3</sup>/s. Dette vil spele ei svært stor rolle for korleis den estimerte produksjonen vert, og eg har derfor vald å bruke gjennomsnittet av dei ti klimamodellane når eg ser på vassføring framfor å bruke ein og ein klimamodell.




Figur 15: Avrenningskurve for Kaldsåni i referanseperioden med alle ti klimamodellar. Biaskorrigeringsmetoden er eQM basert på vassføring frå vassmerke

#### 4.6 Framtidig vassføring

Når eg ser på endringa i vassføring bruker eg dei tre tidsperiodane, og ser på korleis vassføringa endrar seg frå referanseperioden til dei to framtidsperiodane. Den relative endringa i middelvassføring for alle kraftverka er vist grafisk i Tabell 12, og endringa er vist vidare i Tabell 13 og Tabell 14. Resultata i tabellaneer frå dataseriane som er vald ut til å sjå nærmare på, vist i Tabell 11: Liste over dataserie brukt til kvart kraftverk.

Tabell 12: Kart med relativ endring i middelvassføring frå referanseperioden til begge framtidsperiodane og begge klimascenarioa. Endringa er gjeven i prosent, og fargeskalaen er forklart til høgre i tabellen



Frå Tabell 12 kjem det fram at endringa i middelvassføring frå referanseperioden til dei ulike framtidsperiodane stort sett vil være mellom -10 og 10 prosent. Ved klimascenario RCP4.5 og den nære framtidsperioden vil det i være ei nedgang i middelvassføring, men i den fjerne framtidsperioden vil det være like mange kraftverk som har auking i middelvassføring som nedgang. Ved klimascenario RCP8.5 vil det være ei auke i middelvassføring ved sju av åtte kraftverk i den nære framtidsperioden, og seks av åtte i den fjerne perioden. Korkje auke eller nedgangen vil være så stort fram til den nære perioden, men til den fjerne perioden finn me både eit auke på 15.1% og ein nedgang på 7.8% frå referanseperioden.

Endringa i vassføring er undersøkt vidare i Tabell 13 og Tabell 14. Tabell 13 viser endringa frå referanseperioden til den nære framtidsperioden og Tabell 14 viser endringa til den fjerne framtidsperioden. Alle tala er gjeven i prosent og er den relative endringa frå referanseperioden. Tabellane viser endring for årleg vassføring, samt vinter- og



sommaravrenning, og endringa er vist for låg vassføring (25. persentil), middelvassføring og høg vassføring (75. persentil). Resultata i tabellen er frå dataseriane som er vald ut til å sjå nærmare på, og er vist i Tabell 11: Liste over dataserie brukt til kvart kraftverk. Tala er fargekoda frå grønt til raud der grønt er det høgaste endringa og raud er lågast (samla i begge tabellane).

Tabell 13: Prosentvis endring i låg, middels og høg vassføring (henhaldsvis 25. persentil, gjennomsnitt og 75. persentil) for alle kraftverka frå referanseperiode til nær framatidsperiode. Vist for år, vinter og sommar og begge klimascenariao.

Prosentvis endring frå referanseperiode 1981-2010 til framtidsperioden 2031-2060							
Kraftverk	Sesong	RCP4.5			RCP8.5		
		Låg	Middel	Høg	Låg	Middel	Høg
Kaldsåni	År	+16.1	+2.3	+7.1	+25.7	+4.7	+7.5
	Vinter	+42.5	+39.4	+35.5	+65.0	+36.9	+25.7
	Sommar	-34.9	-9.4	-3.2	-29.3	-6.8	-1.2
Mouidejohka	År	+71.8	-8.0	+3.5	+119.5	-0.5	+15.0
	Vinter	+167.0	+54.5	+62.3	+284.5	+106.6	+108.2
	Sommar	-30.1	-31.7	-33.2	-38.5	-36.1	-38.2
Stublielva	År	+77.5	-2.3	-0.1	+114.2	+3.8	+4.2
	Vinter	+108.4	+45.2	+42.8	+153.4	+72.8	+67.8
	Sommar	+2.3	-19.6	-27.8	+5.5	-20.9	-30.7
Tysseelva	År	-10.4	-5.4	-5.3	-9.1	+0.0	+1.5
	Vinter	-7.3	-4.3	-3.2	-1.8	+2.8	+5.1
	Sommar	-8.8	-9.4	-9.5	-6.3	-9.8	-12.7
Tyttebærelva	År	+36.8	-1.0	-3.8	-34.0	+4.9	+17.7
	Vinter	+58.3	+37.4	30.5	-37.2	+34.0	+46.8
	Sommar	-19.1	-23.4	-24.4	-47.1	-11.8	-0.7
Valåe	År	+33.9	-0.6	-1.2	+48.3	+1.8	+1.5
	Vinter	+47.1	+23.0	10.6	+66.9	+34.6	+18.5
	Sommar	-4.6	-8.3	-7.8	-4.3	-8.7	-11.6
Vanndøla	År	+9.9	-2.6	1.8	+12.7	+0.2	+0.6
	Vinter	+62.2	+35.6	37.4	+94.2	+57.1	+52.4
	Sommar	-33.8	-32.4	-30.8	-44.3	-43.2	-44.1
Ytre Alsåker	År	-24.0	-5.2	-0.3	-9.1	+0.0	+1.5
	Vinter	-3.2	-0.2	-0.1	-1.8	+2.8	+5.1
	Sommar	-23.7	-29.8	-35.9	-6.3	-9.8	-12.7

Tabell 14: Prosentvis endring i låg, middels og høg vassføring (henholdsvis 25. persentil, gjennomsnitt og 75. persentil) for alle kraftverka frå referanseperiode til fjern framtidssperiode. Vist for år, vinter og sommar og begge klimascenarioa.

Prosentvis endring frå referanseperiode 1981-2010 til framtidssperioden 2071-2100							
Kraftverk	Sesong	RCP4.5			RCP8.5		
		Låg	Middel	Høg	Låg	Middel	Høg
Kaldsåni	År	+40.5	+6.6	+31.6	+58.0	+9.9	+28.6
	Vinter	+192.3	+145.3	+131.9	+229.8	+133.2	+94.6
	Sommar	-52.0	-37.3	-28.1	-54.8	-34.2	-24.8
Mouidejohka	År	+101.9	-7.9	+4.2	+117.3	-6.3	+6.4
	Vinter	+351.5	+99.3	+98.3	+645.1	+192.9	+177.8
	Sommar	-56.0	-48.7	-49.2	-76.4	-72.6	-76.5
Stublielva	År	+135.8	+2.7	+1.1	+211.0	+15.1	+9.4
	Vinter	+189.6	+78.2	+72.5	+301.9	+129.1	+115.5
	Sommar	+7.6	-24.7	-35.2	+9.7	-25.8	-37.9
Tysseelva	År	-16.7	-5.3	-1.8	-12.9	+5.0	+6.9
	Vinter	-8.0	-2.4	+0.3	-2.1	+9.4	+13.1
	Sommar	-13.6	-15.9	-16.8	-9.7	-10.5	-13.8
Tyttebærelva	År	+47.9	-0.6	-3.7	+43.4	-7.8	-12.8
	Vinter	+85.7	+55.9	+47.4	+103.6	+70.7	+58.7
	Sommar	-25.5	-33.5	-36.4	-38.3	-52.7	-60.2
Valåe	År	+59.5	+2.5	+3.1	+139.7	+13.9	+11.7
	Vinter	+90.6	+45.8	+24.1	+208.3	+123.6	+88.4
	Sommar	-4.3	-11.8	-10.1	+0.4	-21.5	-27.1
Vanndøla	År	+5.2	-3.4	-3.1	+4.6	+3.8	+1.6
	Vinter	+96.0	+55.8	+55.2	+149.6	+94.8	+84.4
	Sommar	-49.2	-49.5	-49.4	-53.1	-65.6	-71.0
Ytre Alsåker	År	-41.1	-7.8	+2.1	-12.9	+5.0	+6.9
	Vinter	+0.1	-0.5	+2.9	-2.1	+9.4	+13.1
	Sommar	-32.8	-43.2	-50.6	-9.7	-10.5	-13.8

I tabellane over kjem det fram at det som er felles for alle kraftverka er at det er ei auke i middelvassføringa om vinteren og ein nedgang på sommaren. Når eg ser vidare på den framtidige vassføringa har eg vald å dele resultatata frå dei åtte kraftverka opp i tre kategoriar etter endringa i avrenning; forskyving av vår- og sommaravrenninga, U-kurve og utjamning. Det er nokre samanhengar mellom alle kategoriane, men dette er tre mønster som stikk seg ut og som ein kan finne på minst to kraftverk kvar. Resultata er delt opp i dei tre kategoriane etter korleis den årlege avrenningskurva er i dag, og korleis den forandrar seg.

Vidare i dette delkapittelet er dei samla resultatata for dei tre kategoriane undersøkt, før resultatata frå kvart kraftverk er presentert med avrenningskurver og varigheitskurver for vinter og sommar.

#### 4.6.1 Forskyving av vår- og sommaravrenninga

Den første kategorien har eg vald å kalle forskyving av vår- og sommaravrenninga. I denne kategorien er ikkje endringa på avrenningskurva for eit år så stort. I referanseperioden har avrenninga eit typisk mønster med lite avrenning på vinteren, og meir på våren og sommaren. Dette mønsteret finn ein ved Kaldsåni og Valåe kraftverk. I begge framtidsperiodane er avrenningskurva relativt lik referanseperioden, men med ei forskyving mot tidlegare på året. Ved begge kraftverka finn ein i dag ein topp på avrenninga rundt juli, men i den fjerne framtidsperioden er toppen flytta til mai/juni. I tillegg til dette er toppen noko lågare i den fjerne framtidsperioden, og avrenninga på vinteren vil auke noko i framtida i forhold til i dag. Dette kjem fram i Figur 16, Figur 18, Figur 20 og Figur 22 som viser avrenningskurvene for kraftverka no og i begge framtidsscenarioa for dei to klimascenarioa.

Den samla relative endringa i vassføring frå referanseperioden for kraftverka i denne kategorien er vist i Tabell 15. Endringa vist i tabellen er gjennomsnittet av den relative endringa i vassføring for begge kraftverka berekna med begge biaskorrigeringsmetodane og begge dataseriane for observert data.

Tabell 15: Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «forskyving av vår- og sommaravrenninga». Tabellen viser endring til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa.

Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «forskyving av vår- og sommaravrenninga»				
	RCP4.5		RCP8.5	
Periode	2031-2060	2071-2100	2031-2060	2071-2100
År	-3.23%	-2.33%	-2.56%	+0.86%
Vinter	+31.31%	+77.65%	+63.75%	+251.02%
Sommar	-10.54%	-20.59%	-12.89%	-37.43%

Tabellen viser at i gjennomsnitt vil den årlege middelvassføringa ved kraftverka i denne perioden minke noko frå referanseperioden fram til den nære framtidsperioden, men at den derifrå vil auke noko fram til den fjerne framtidsperioden. Ved klimascenario RCP8.5 vil dette føre til ei høgare middelvassføring i perioden 2071-2100 enn i referanseperioden 1981-2010. Då dagens vår- og sommaravrenning vil flytte seg mot tidlegare på året er det ein stor auke i vintervassføringa og ei nedgang i sommaravrenninga. Denne endringa vert tydelegare lengre fram i tid, og større for RCP8.5 enn for RCP4.5.


Kaldsåni og Valåe er kraftverk der nedbørsfeltet ligg høgt over havet. Nedbørsfeltet til Kaldsåni kraftverk går frå 972 til 1343 moh, og Valåe 883-1741 moh. Dette kan være ein av faktorane som avgjer korleis avrenninga er både i dag, og korleis den vil endre seg. Då avrenningsfeltet er så høgt over havet er sannsynlegvis mykje av vatnet i elvene smeltevatn frå snø, då det er lite avrenning på vinteren og mykje på vår og sommaren. Det kan sjå ut som at dette mønsteret ikkje vil endre seg stort, men at smeltinga vil kome tidlegare.

#### 4.6.1.1 Kaldsåni


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Kaldsåni vidare undersøkt – først for klimascenarior RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for dei tre periodane er vist i Tabell 16 og Tabell 17 der alle dataseriane er undersøkt: begge biaskorrigeringsmetodane, begge metodar for berekning av observerte data og klimamodellen utan biaskorrigering. Vidare er avrenningskurver og varigheitskurver for dataserien plukka ut i kapittel 4.4 vist.

Tabell 16: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Kaldsåni kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenarior RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Kaldsåni - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.692	0.708	0.738
	Vinter	0.268	0.374	0.658
	Sommar	1.382	1.252	0.867
Vassføring - gQM	År	0.693	0.684	0.689
	Vinter	0.274	0.328	0.421
	Sommar	1.375	1.263	1.124
Produksjon - eQM	År	0.708	0.701	0.722
	Vinter	0.340	0.393	0.480
	Sommar	1.305	1.202	1.117
Produksjon - gQM	År	0.723	0.708	0.712
	Vinter	0.265	0.319	0.416
	Sommar	1.469	1.339	1.194
Utan biaskorrigering	År	0.629	0.626	0.633
	Vinter	0.324	0.370	0.443
	Sommar	1.126	1.043	0.941



Figur 16: Avrenningskurve for Kaldsåni med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarior er RCP4.5




Figur 17: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Kaldsåni - RCP4.5


Utifrå tabellen og figurane kjem det fram at den største endringa i vassføring ved Kaldsåni ved klimascenario RCP4.5 vil være når på året vårflaumen kjem. Middelvassføringa vil være relativt uforandra med ei lita auking når ein ser på den utvalde dataserien (eQM – Vassmerke). Då vårflaumen kjem tidlegare på året vert det ei auke i vinteravrenninga, og ein nedgang i sommaravrenninga. Resultata frå RCP8.5 er vist under.

Tabell 17: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Kaldsåni kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Kaldsåni – RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.670	0.701	0.737
	Vinter	0.285	0.390	0.665
	Sommar	1.296	1.208	0.853
Vassføring - gQM	År	0.692	0.708	0.738
	Vinter	0.268	0.374	0.658
	Sommar	1.382	1.252	0.867
Produksjon - eQM	År	0.688	0.716	0.757
	Vinter	0.347	0.453	0.707
	Sommar	1.243	1.145	0.839
Produksjon - gQM	År	0.707	0.726	0.758
	Vinter	0.264	0.377	0.675
	Sommar	1.428	1.295	0.892
Utan biaskorrigering	År	0.622	0.638	0.665
	Vinter	0.316	0.401	0.613
	Sommar	1.120	1.025	0.748



Figur 18: Avrenningskurve for Kaldsåni med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 19: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Kaldsåni - RCP8.5


Utifrå tabellen og figurane kjem det fram at det vil være ei auke i vassføring ved Kaldsåni ved klimascenario RCP8.5. Vårflaumen kjem tidligare på same måte som i RCP4.5, så vintervassføringa aukar drastisk, men i dette scenarioet avtek ikkje sommarvassføringa i like stor grad, noko som gjer at middelvassføringa for året aukar meir.

#### 4.6.1.2 Valåe


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Valåe vidare undersøkt – først for klimascenario RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Valåe er med biaskorrigeringsmetode eQM med observert data frå vassmerket.

Tabell 18: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Valåe kraftverk for år, vinter og sommer i alle periodene ved klimascenario RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Valåe - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.427	0.425	0.438
	Vinter	0.171	0.210	0.249
	Sommar	0.845	0.775	0.745
Vassføring - gQM	År	0.423	0.413	0.418
	Vinter	0.159	0.192	0.226
	Sommar	0.853	0.772	0.730
Produksjon - eQM	År	0.277	0.252	0.249
	Vinter	0.052	0.077	0.104
	Sommar	0.643	0.538	0.486
Produksjon - gQM	År	0.377	0.333	0.315
	Vinter	0.033	0.054	0.079
	Sommar	0.937	0.788	0.699
Utan biaskorrigerer	År	0.482	0.467	0.472
	Vinter	0.165	0.203	0.243
	Sommar	0.997	0.897	0.845



Figur 20: Avrenningskurve for Valåe med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenariet er RCP4.5




Figur 21: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Valåe - RCP4.5

Tabellen og figurane viser at det vil være noko nedgang i middelvassføring ved Valåe ved klimascenario RCP4.5. Som ved Kaldsåni ser me at vårflaumen flytter seg til tidlegare på året, som gjer at vintervassføringa aukar og sommarvassføringa avtek. I tillegg til at den flytter seg, vert toppen på kurva noko lågare framover i tid. Sjølv om avrenninga på vinteren aukar noko, er dette ikkje nok for å gjere opp for den tapte avrenninga på sommaren i den nære framtidsperioden. Fram til den fjerne framtidsperioden vil vinteravrenninga fortsette å auke, og middelvassføringa for den fjerne framtidsperioden vil derfor være høgare enn i referanseperioden dersom ein ser på dataserien som er plukka ut for å undersøke vidare (eQM – Vassmerke). Resultata for RCP8.5 er vist under.


Tabell 19: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Valåe kraftverk for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Valåe - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.429	0.437	0.489
	Vinter	0.169	0.227	0.377
	Sommar	0.853	0.779	0.670
Vassføring - gQM	År	0.363	0.317	0.291
	Vinter	0.031	0.068	0.186
	Sommar	0.903	0.722	0.463
Produksjon - eQM	År	0.305	0.272	0.301
	Vinter	0.047	0.088	0.210
	Sommar	0.725	0.573	0.450
Produksjon - gQM	År	0.363	0.317	0.291
	Vinter	0.031	0.068	0.186
	Sommar	0.903	0.722	0.463
Utan biaskorrigering	År	0.478	0.470	0.494
	Vinter	0.161	0.220	0.373
	Sommar	0.993	0.877	0.690



Figur 22: Avrenningskurve for Valåe med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5





Figur 23: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Valåe - RCP8.5

Tabellen og figurane viser at endringa i vassføring ved Valåe ved klimascenario RCP8.5 vil være ein meir «ekstrem» variant av dei resultata som kjem fram for RCP4.5. Vårflaumen flyttar seg endå tidlegare på året, den vert endå mindre, og vassføringa på vinteren stig endå meir. Med dataserien plukka ut i kapittel 4.4 fører dette til noko auke i middelvassføring, medan dei andre dataseriane viser ein nedgang. Frå varigheitskurvene ser me at dei største vassføringane finn stad i den nære framtidsperioden, men at variasjonen også vil være størst her.

#### 4.6.2 U-kurve

Den andre kategorien har eg vald å kalle U-kurva, og gjeld for Tysseelva og Ytre Alsåker. Kraftverka i denne kategorien har i dag høgast avrenning på vinteren og minst på sommaren. Slik avrenningskurva er for i dag, er den høg på starten av året, går nedover fram mot midten av året, og stig igjen mot slutten, og har i tillegg ein liten topp på våren. I begge framtidsperiodane er kurva relativt lik, men utan toppen på våren, avrenninga er noko høgare på starten av året og noko lågare mot slutten. Den samla relative endringa i vassføring frå referanseperioden for kraftverka i denne kategorien er vist i Tabell 20. Endringa vist i tabellen er gjennomsnittet av den relative endringa i vassføring for begge kraftverka ved bruk av begge observerte dataseriane og begge metodane for biaskorrigerings. Endringa i vassføring ved kvart av kraftverka er vidare undersøkt i kvart sitt delkapittel.

Tabell 20: Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «U-kurva». Tabellen viser endring til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa.

Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «U-kurva»				
	RCP4.5		RCP8.5	
Periode	2031-2060	2071-2100	2031-2060	2071-2100
År	-5.22%	-7.18%	-1.76%	-0.11%
Vinter	-1.72%	-1.53%	+3.19%	+6.88%
Sommar	-18.64%	-28.33%	-21.64%	-27.08%

Tabellen viser at for denne kategorien vil det i gjennomsnitt være ei nedgang i middelvassføringa. Nedgangen vil være størst ved klimascenario RCP4.5, og ved RCP8.5 vil det være svært liten endring i den årlege middelvassføringa. Trass i liten endring i middelvassføring vil det være ei endring i fordelinga av vassføringa i løpet av året, då vassføringa aukar om vinteren og avtek på sommaren for RCP8.5.


Kraftverka i denne kategorien har nedbørfelt som ligg relativt lågt over havet. Nedbørfeltet til Ytre Alsåker går ned til 216 moh, og nedbørsfeltet til Tysseelva går ned til 392 moh. Her er sannsynlegvis avrenninga ikkje like prega av snøsmelting som ved dei andre kraftverka. Likevel er det per i dag noko auke i vassføring på våren som sannsynleg vis kjem av snøsmelting, men denne vil jamnast ut i framtida, noko som kan kome av auka temperaturar på vinteren og mindre snø.

#### 4.6.2.1 Tysseelva


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Tysseelva vidare undersøkt – først for klimascenario RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Tysseelva er med biaskorrigeringsmetode eQM med observert data frå vassmerket.

Tabell 21: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Tysseelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tysseelva - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	1.020	0.964	0.965
	Vinter	1.283	1.228	1.253
	Sommar	0.591	0.536	0.497
Vassføring - gQM	År	1.041	0.984	0.984
	Vinter	1.313	1.256	1.280
	Sommar	0.596	0.540	0.501
Produksjon - eQM	År	1.109	1.056	1.044
	Vinter	1.359	1.312	1.318
	Sommar	0.704	0.639	0.596
Produksjon - gQM	År	1.157	1.101	1.089
	Vinter	1.432	1.384	1.391
	Sommar	0.708	0.641	0.598
Utan biaskorrigering	År	1.045	1.007	1.002
	Vinter	1.208	1.172	1.182
	Sommar	0.779	0.738	0.710



Figur 24: Avrenningskurve for Tysseelva med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5




Figur 25: Varighetskurver for avrenning vinter og sommar ved Tysseelva - RCP4.5


Frå tabellen og figurane over kjem det fram at det vil være ein gradvis nedgang i årleg avrenning, vinteravrenning og sommaravrenning ved Tysseelva kraftverk frå referanseperioden og framover i dei to framtidsperiodane ved klimascenario RCP4.5. Frå avrenningskurva kjem det fram at auken i avrenninga som i dag er på våren vil forsvinne allereie til den nære framtidsperioden, og at avrenninga derifrå vil være relativt stabil fram til den fjerne perioden. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 22: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Tysseelva for år, vinter og sommer i alle periodene ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tysseelva - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	1.027	1.027	1.079
	Vinter	1.295	1.331	1.417
	Sommar	0.591	0.533	0.529
Vassføring - gQM	År	1.049	1.048	1.101
	Vinter	1.328	1.362	1.451
	Sommar	0.595	0.536	0.532
Produksjon - eQM	År	0.872	0.861	0.884
	Vinter	1.064	1.085	1.126
	Sommar	0.560	0.497	0.490
Produksjon - gQM	År	0.951	0.947	0.984
	Vinter	1.171	1.199	1.262
	Sommar	0.593	0.538	0.531
Utan biaskorrigering	År	1.027	1.020	1.043
	Vinter	1.189	1.203	1.245
	Sommar	0.763	0.723	0.714



Figur 26: Avrenningskurve for Tysseelva med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 27: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tysseelva - RCP8.5


I tabellen og figurane over kjem det fram at også ved klimascenario RCP8.5, vil vassføringa ved Tysseelva kraftverk halde seg relativt stabil, men her med ein liten oppgang fram til den fjerne framtidsperioden. Også i dette klimascenarioet kan me sjå at vassføringa på våren vil jamnast ut, men i motsetning til ved klimascenario RCP4.5, vil vinteravrenninga auke. Sjølv om sommaravrenninga avtek noko, resulterer dette i ei auka middelvassføring i den fjerne framtidsperioden.

#### 4.6.2.2 Ytre Alsåker


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Ytre Alsåker vidare undersøkt – først for klimascenario RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Ytre Alsåker er med biaskorrigeringsmetode gQM med observert data frå vassmerket.

Tabell 23: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Ytre Alsåker for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Ytre Alsåker - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	1.814	1.729	1.666
	Vinter	2.314	2.330	2.305
	Sommar	1.001	0.751	0.625
Vassføring - gQM	År	1.872	1.774	1.726
	Vinter	2.508	2.504	2.496
	Sommar	0.835	0.586	0.474
Produksjon - eQM	År	1.013	0.953	0.909
	Vinter	1.279	1.293	1.272
	Sommar	0.580	0.398	0.317
Produksjon - gQM	År	1.033	0.978	0.951
	Vinter	1.347	1.340	1.337
	Sommar	0.521	0.388	0.324
Utan biaskorrigering	År	1.651	1.578	1.534
	Vinter	2.054	2.055	2.040
	Sommar	0.996	0.802	0.711



Figur 28: Avrenningskurve for Ytre Alsåker med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5




Figur 29: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Ytre Alsåker - RCP4.5


Resultata i tabellen og figurane over viser svært samanfallande resultat for Ytre Alsåker ved klimascenario RCP4.5 som ved Tysseelva ved same scenario. Vinteravrenninga er relativt stabil trass noko nedgang, og sommaravrenninga vert lågare, noko som resulterer i ei nedgang i middelvassføringa, og nedgangen er størst frå referanseperioden til den fjerne framtidsperioden. Resultat for RCP8.5 er vist under.

Tabell 24: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Ytre Alsåker for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Ytre Alsåker - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	1.806	1.764	1.741
	Vinter	2.307	2.421	2.447
	Sommar	0.989	0.693	0.593
Vassføring - gQM	År	1.860	1.837	1.837
	Vinter	2.498	2.634	2.689
	Sommar	0.822	0.541	0.450
Produksjon - eQM	År	1.019	0.953	0.935
	Vinter	1.285	1.316	1.320
	Sommar	0.586	0.362	0.307
Produksjon - gQM	År	1.024	1.001	0.997
	Vinter	1.331	1.392	1.415
	Sommar	0.524	0.364	0.316
Utan biaskorrigering	År	1.625	1.581	1.570
	Vinter	2.024	2.092	2.118
	Sommar	0.975	0.750	0.680



Figur 30: Avrenningskurve for Ytre Alsåker med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 31: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Ytre Alsåker - RCP8.5

Tabellen og figurane over viser resultatane ved Ytre Alsåker for klimascenarion RCP8.5. Her kjem det fram at sommaravrenninga avtek då auke i vassføring rundt mai og juni som ein finn i referanseperioden forsvinn allereie til den nære framtidsperioden. Sjølv om det er noko auke i vinteravrenninga er det ikkje nok til å vege opp for den tapte sommaravrenninga, og middelvassføringa avtek difor frå referanseperioden og fram til den nære framtidsperioden. Derifrå er middelvassføringa tilnærma uendra fram til den fjerne perioden.

#### 4.6.3 Utjamning

Den siste kategorien har eg vald å kalle «Utjamning». I denne kategorien har kraftverka ei avrenningskurve som liknar avrenningskurvene for kraftverka i den fyrste kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga», men endringa fram mot dei to framtidsperiodane er noko annleis. I denne kategorien vert avrenningskurvene flatare og flatare framover i tid då sommaravrenninga minkar og vinteravrenninga aukar. Gjennomsnittet av endringa i vassføring frå referanseperioden for alle kraftverka i kategorien er vist i Tabell 25. I tabellen kjem det fram at for klimascenarion RCP4.5 vil det være ein nedgang i middelvassføringa, men ei auke for klimascenarion RCP8.5. For begge klimascenarion er det ei auke i vassføringa på vinteren og ein nedgang på sommaren. Kraftverka i denne kategorien er Mouidejohka, Stublielva, Tyttebærelva og Vanndøla. Endringa i vassføring ved kvart av kraftverka er vidare undersøkt i individuelle delkapittel.

Tabell 25: Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «Utjamning». Tabellen viser endring til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarion.

Samla relativ endring i vassføring ved kraftverka i kategorien «Utjamning»				
	RCP4.5		RCP8.5	
Periode	2031-2060	2071-2100	2031-2060	2071-2100
År	-3.25%	-1.95%	+0.74%	+1.50%
Vinter	+48.45%	+81.47%	+76.65%	+129.11%
Sommar	-36.66%	-41.83%	-34.68%	-57.10%

Fleire av kraftverka i denne kategorien har avrenningsfelt som ligg ein stad mellom dei to andre kategoriane med tanke på meter over havet. Dette kan bety at avrenninga ved desse kraftverka i stor grad er styrt av snøsmelting i dag. I dei to framtidsperiodane vert sommaravrenninga mindre og vinteravrenninga større, noko som kan kome av at det vert mindre snø, som igjen fører til mindre smelting på våren og meir avrenning på vinteren – med andre ord ei utjamning av vassføringa utover året.


##### 4.6.3.1 Mouidejohka

I dette delkapitlet vert endringa i vassføring ved Mouidejohka vidare undersøkt – først for klimascenarion RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Mouidejohka er med biaskorrigeringsmetode gQM med observert data frå vassmerket.




Tabell 26: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Mouidejohka for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Mouidejohka - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.933	0.905	0.912
	Vinter	0.419	0.653	0.836
	Sommar	1.769	1.315	1.037
Vassføring - gQM	År	0.985	0.907	0.907
	Vinter	0.438	0.677	0.873
	Sommar	1.875	1.280	0.962
Produksjon - eQM	År	0.644	0.602	0.620
	Vinter	0.303	0.465	0.600
	Sommar	1.200	0.826	0.651
Produksjon - gQM	År	0.638	0.625	0.579
	Vinter	0.242	0.540	0.758
	Sommar	1.282	0.764	0.287
Utan biaskorrigering	År	0.965	0.958	0.962
	Vinter	0.541	0.738	0.879
	Sommar	1.654	1.315	1.098



Figur 32: Avrenningskurve for Mouidejohka med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenariet er RCP4.5




Figur 33: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Mouidejohka - RCP4.5


Tabellen og figurane over viser avrenninga i dei tre periodane ved Mouidejohka kraftverk ved klimascenario RCP4.5. Frå dataserien plukka ut i kapittel 4.4 der eQM og vassmerkedataa er brukt, kjem det fram at det vil være ei nedgang i middelvassføringa frå referanseperioden til den nære framtidsperioden, men at den derifrå er lik i den fjerne perioden. Dette er resultatet av at vassføringa vert utjamna utover året då sommaravrenninga minkar, og vinteravrenninga stig. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 27: Middelvassføring i m³/s ved Mouidejohka for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m³/s ved Mouidejohka - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.916	0.940	0.906
	Vinter	0.397	0.798	1.127
	Sommar	1.762	1.171	0.546
Vassføring - gQM	År	0.975	0.970	0.914
	Vinter	0.393	0.812	1.151
	Sommar	1.922	1.227	0.527
Produksjon - eQM	År	0.597	0.601	0.573
	Vinter	0.253	0.533	0.740
	Sommar	1.157	0.710	0.302
Produksjon - gQM	År	0.638	0.625	0.579
	Vinter	0.242	0.540	0.758
	Sommar	1.282	0.764	0.287
Utan biaskorrigerering	År	0.951	0.988	0.950
	Vinter	0.523	0.850	1.104
	Sommar	1.646	1.212	0.699



Figur 34: Avrenningskurve for Mouidejohka med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 35: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Mouidejohka - RCP8.5


Tabellen og figurane over viser at vassføringa ved Mouidejohka kraftverk vil avta ved klimascenario RCP8.5. Det er nedgangen i sommaravrenninga som utgjer den store forandringa. Avrenningskurva vert flatare og flatare, og i den fjerne framtidsperioden vil middelvassføringa om vinteren være større enn om sommaren.

#### 4.6.3.2 Stublielva


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Stublielva vidare undersøkt – først for klimascenario RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Stublielva er med biaskorrigeringsmetode gQM med observert data frå vassmerket.

Tabell 28: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Stublielva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Stublielva - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.801	0.796	0.843
	Vinter	0.401	0.561	0.679
	Sommar	1.452	1.180	1.109
Vassføring - gQM	År	0.828	0.809	0.850
	Vinter	0.357	0.518	0.636
	Sommar	1.594	1.282	1.200
Produksjon - eQM	År	0.972	0.894	0.940
	Vinter	0.432	0.610	0.746
	Sommar	1.852	1.355	1.256
Produksjon - gQM	År	1.024	0.956	1.011
	Vinter	0.397	0.587	0.747
	Sommar	2.045	1.555	1.440
Utan biaskorrigerer	År	1.195	1.223	1.278
	Vinter	0.726	0.909	1.033
	Sommar	1.959	1.734	1.675



Figur 36: Avrenningskurve for Stublielva med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5




Figur 37: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Stublielva - RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at middelvassføringa ved Stublielva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 først vil avta fram til den nære framtidsperioden, men at den vil auke igjen til å verte større i den fjerne framtidsperioden enn i referanseperioden. Årsaken til dette er at sommaravrenninga minkar og vinteravrenninga aukar gradvis. Frå den nære til den fjerne framtidsperioden vil ikkje sommarvassføringa minke like mykje som mellom dei to første periodane, og aukinga i vintervassføring vil då vege opp for den tapte sommarvassføringa. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 29: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Stublielva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Stublielva - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.803	0.852	0.951
	Vinter	0.397	0.657	0.854
	Sommar	1.465	1.171	1.109
Vassføring - gQM	År	0.830	0.862	0.956
	Vinter	0.354	0.611	0.810
	Sommar	1.606	1.271	1.192
Produksjon - eQM	År	1.014	0.992	1.057
	Vinter	0.421	0.730	0.950
	Sommar	1.979	1.419	1.230
Produksjon - gQM	År	1.074	1.070	1.168
	Vinter	0.406	0.768	1.021
	Sommar	2.160	1.561	1.407
Utan biaskorrigering	År	1.177	1.258	1.362
	Vinter	0.712	0.988	1.187
	Sommar	1.933	1.698	1.647



Figur 38: Avrenningskurve for Stublielva med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenariot er RCP4.5




Figur 39: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Stublielva - RCP8.5

#### 4.6.3.3 Tyttebærelva


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Tyttebærelva vidare undersøkt – først for klimascenario RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Tyttebærelva er med biaskorrigeringsmetode gQM med observert data frå vassmerket.

Tabell 30: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Tyttebærelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tyttebærelva - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.867	0.874	0.886
	Vinter	0.533	0.733	0.831
	Sommar	1.411	1.102	0.976
Vassføring - gQM	År	0.868	0.859	0.863
	Vinter	0.516	0.709	0.804
	Sommar	1.440	1.103	0.958
Produksjon - eQM	År	0.960	0.953	0.969
	Vinter	0.599	0.823	0.931
	Sommar	1.547	1.165	1.031
Produksjon - gQM	År	0.994	0.953	0.950
	Vinter	0.518	0.766	0.888
	Sommar	1.769	1.258	1.051
Utan biaskorrigering	År	0.480	0.479	0.480
	Vinter	0.304	0.403	0.450
	Sommar	0.766	0.602	0.530



Figur 40: Avrenningskurve for Tyttebærelva med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenariot er RCP4.5




Figur 41: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tyttebærelva - RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at det vil være ei utjamning i vassføringa utover året ved Tyttebærelva ved klimascenariot RCP4.5. Fram mot den nære framtidsperioden vil det være ein liten nedgang i middelvassføringa då vassføringa på sommaren går drastisk ned, og vassføringa på vinteren berre går noko opp. Fram mot den fjerne framtidsperioden vil denne endringa fortsette, men vassføringa på vinteren vil då auke så mykje at middelvassføringa vil være større i den fjerne framtidsperioden enn i den nære og nesten på nivå med middelvassføringa i referanseperioden sjølv om fordelinga over året er svært endra. Resultata frå RCP8.5 er vist under.

Tabell 31: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Tyttebærelva for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Tyttebærelva - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.856	0.874	0.825
	Vinter	0.519	0.775	0.884
	Sommar	1.403	1.036	0.728
Vassføring - gQM	År	0.856	0.855	0.790
	Vinter	0.503	0.750	0.858
	Sommar	1.431	1.025	0.677
Produksjon - eQM	År	1.061	1.028	0.951
	Vinter	0.598	0.920	1.046
	Sommar	1.814	1.204	0.795
Produksjon - gQM	År	1.118	1.057	0.923
	Vinter	0.546	0.908	1.052
	Sommar	2.050	1.300	0.714
Utan biaskorrigering	År	0.474	0.477	0.444
	Vinter	0.298	0.424	0.477
	Sommar	0.761	0.564	0.392



Figur 42: Avrenningskurve for Tyttebærelva med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 43: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Tyttebærelva - RCP8.5




Frå tabellen og figurane over kjem det fram at endringa i avrenning ved Tyttbærelva vil være relativ lik ved RCP8.4 som ved RCP4.5, men med endå meir utjamninga av vassføringa. Når me kjem til den fjerne framtidsperioden har vintervassføringa vorte høgare enn den på sommaren. Frå varigheitskurvene kjem det fram at sjølv om den nære framtidsperioden er eit mellomstadie i utjamninga er det her dei største vassføringane kjem både på sommaren og vinteren, men at variasjonen òg er størst her.

#### 4.6.3.4 Vanndøla


I dette delkapittelet vert endringa i vassføring ved Vanndøla vidare undersøkt – først for klimascenarior RCP4.5, deretter for RCP8.5. Avrenninga for alle dataseriane er presentert i tabell, før avrenninga for dataserien som er vald ut for å jobbe vidare med i kapittel 4.4 er vist i ei avrenningskurve og i varigheitskurver for vinter- og sommaravrenninga. Dataserien som er vidare undersøkt for Vanndøla er med biaskorrigeringsmetode eQM med observert data frå vassmerket.

Tabell 32: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Vanndøla for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenarior RCP4.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Vanndøla - RCP4.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.531	0.517	0.513
	Vinter	0.375	0.509	0.584
	Sommar	0.784	0.530	0.396
Vassføring - gQM	År	0.544	0.535	0.532
	Vinter	0.387	0.530	0.609
	Sommar	0.798	0.544	0.408
Produksjon - eQM	År	0.919	0.898	0.906
	Vinter	0.662	0.912	1.071
	Sommar	1.337	0.876	0.637
Produksjon - gQM	År	0.968	0.937	0.944
	Vinter	0.660	0.947	1.133
	Sommar	1.469	0.919	0.636
Utan biaskorrigerering	År	0.633	0.632	0.631
	Vinter	0.499	0.613	0.676
	Sommar	0.851	0.662	0.556



Figur 44: Avrenningskurve for Vanndøla med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP4.5




Figur 45: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Vanndøla - RCP4.5


Frå tabellen og figurane over kjem det fram at det vil være ei gradvis nedgang i middelvassføringa ved Vanndøla kraftverk ved RCP4.5 som eit resultat av utjamninga i vassføring over året. Sommarvassføringa vert mindre og vintervassføringa aukar, men ikkje nok til å gjere opp for den tapte vassføringa på sommaren. Nedgangen vil være størst frå referanseperioden til den nære framtidsperioden, og mindre mellom dei to framtidsperiodane. Resultata frå RCP8.5 er vist under.

Tabell 33: Middelvassføring i m<sup>3</sup>/s ved Vanndøla for år, vinter og sommar i alle periodane ved klimascenario RCP8.5

Vassføring i m <sup>3</sup> /s ved Vanndøla - RCP8.5				
Metode og datagrunnlag	Periode	1971-2010	2031-2060	2071-2100
Vassføring - eQM	År	0.531	0.532	0.551
	Vinter	0.371	0.583	0.723
	Sommar	0.792	0.449	0.273
Vassføring - gQM	År	0.544	0.552	0.577
	Vinter	0.383	0.608	0.761
	Sommar	0.807	0.461	0.277
Produksjon - eQM	År	0.720	0.763	0.838
	Vinter	0.510	0.877	1.130
	Sommar	1.062	0.578	0.362
Produksjon - gQM	År	0.794	0.816	0.881
	Vinter	0.528	0.960	1.260
	Sommar	1.227	0.581	0.264
Utan biaskorrigering	År	0.626	0.636	0.651
	Vinter	0.491	0.664	0.777
	Sommar	0.845	0.589	0.446



Figur 46: Avrenningskurve for Vanndøla med vassføring i m<sup>3</sup>/s i y-aksen, og tid i x-aksen. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 47: Varigheitskurver for avrenning vinter og sommar ved Vanndøla - RCP8.5

Tabellen og figurane over viser at i motsetning til ved RCP4.5, vil utjamninga i vassføring føre til eit lite auke i middelvassføringa ved Vanndøla ved klimascenario RCP8.5.

Middelvassføringa går frå å være størst om sommaren og minst om vinteren i referanseperioden til å være relativt jamne i den nære framtidsperioden, til så å være størst om vinteren og minst om sommaren i den fjerne framtidsperioden.

#### 4.7 Dagens og framtidig produksjon

I dette kapitlet undersøker eg produksjonen i dei tre tidsperiodane med vekt på korleis endringa er frå referanseperioden. Dataseriane med vassføring som vert nytta til å berekne produksjon ved kraftverka er dei som er plukka ut i kapittel 4.4 til å jobbe vidare med. Når eg ser på endringa i produksjon ser eg i hovudsak på endringa i produsert GWh i løpet av året, vinteren og sommaren. Den relative endringa i produksjon til dei to framtidsperiodane for alle kraftverka er vist i Tabell 34.

Tabell 34: Prosentvis endring frå referanseperioden 1981-2010 til begge referanseperiodane og ved begge klimascenario. Tabellen viser den relative endringa frå referanseperioden vist i prosent og er fargekoda frå grønt til raud, der grønt er det største auke og raud er den største nedgangen

Prosentvis endring frå referanseperiode 1981-2010 til begge framtidsperiodane					
Kraftverk	Sesong	RCP4.5		RCP8.5	
		2031-2060	2071-2100	2031-2060	2071-2100
Kaldsåni	År	-3.6	+15.3	+5.9	+25.7
	Vinter	+10.1	+130.2	+55.1	+213.2
	Sommar	-9.9	-37.1	-11.2	-37.3
Mouidejohka	År	+10.4	+18.8	+22.8	+18.2
	Vinter	+57.7	+141.3	+98.5	+110.4
	Sommar	-27.6	-78.7	-31.9	-48.5
Stublielva	År	+9.5	+18.8	+19.1	+35.4
	Vinter	+57.3	+98.9	+93.3	+162.6
	Sommar	-9.6	-13.5	-10.4	-14.9
Tysseelva	År	-5.7	-6.2	-3.3	-1.7
	Vinter	-2.6	-2.6	+0.8	+3.5
	Sommar	-15.7	-15.7	-17.2	-19.4
Tyttebærelva	År	+5.1	+6.4	+6.4	-5.8
	Vinter	+51.7	+76.2	+68.5	+98.9
	Sommar	-25.2	-39.1	-32.4	-71.6
Valåe	År	+5.3	+12.5	+8.7	+36.6
	Vinter	+25.9	+50.7	+39.4	+145.7
	Sommar	-1.8	-0.8	-1.8	-1.8
Vanndøla	År	+5.1	+2.7	+7.1	+4.3
	Vinter	+37.2	+54.3	+54.7	+81.4
	Sommar	-21.1	-41.7	-32.1	-59.5
Ytre Alsåker	År	-7.1	-9.7	-6.9	-9.7
	Vinter	+1.1	+2.4	+3.1	+3.4
	Sommar	-37.3	-53.9	-5.2	-30.6

I Tabell 34 kjem det fram at endringa i produksjon i stor grad gjenspeglar endringa i vassføringa i dei ulike årstidene med eit klart auke på vinteren og ein nedgang på sommaren. Likevel viser det seg at ei nedgang i middelvassføring over heile året ikkje nødvendigvis tyder ei nedgang i den årleg produksjon. Berre to av kraftverka har ei nedgang i årleg produksjon til begge framtidsperiodane og ved begge klimascenarioa. Desse to kraftverka er Tysseelva og Ytre Alsåker som utgjer kategorien U-kurva, som har vist seg å ha ei avrenningskurve som skil seg ut frå resten av kraftverka. Endringa i produksjon ved dei enkelte kraftveka er vidare undersøkt i individuelle delkapittel delt inn etter dei tre kategoriane. Endringa i produksjon vert presentert med i tabell med vinter-, sommar- og årleg produksjon i tillegg til ein graf som viser månadleg produksjon i alle tre periodane og varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

#### 4.7.1 Forskyving av vår- og sommaravrenninga


Ved kraftverka i kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga», Kaldsåni og Valåe, vil det stort sett være ei auke i produksjon til dei to framtidsperiodane og begge klimascenarioa. Unntaket er ved Kaldsåni i klimascenario RCP4.5 der det er noko nedgang i produksjon frå referanseperioden til den nære framtidsperioden. Tabell 34 viser at ved begge kraftverka vil det være eit auke i produksjonen på vinteren, og ei nedgang om sommaren. Både auke og nedgangen vil være større ved RCP8.5 enn ved RCP4.5. Resultata for begge kraftverka er vist i delkapitla under.

##### 4.7.1.1 Kaldsåni


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Kaldsåni kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månadleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 35: Produksjon i GWh ved Kaldsåni kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	6.42 GWh	6.19 GWh	7.40 GWh
Vinter	2.02 GWh	2.22 GWh	4.65 GWh
Sommar	4.37 GWh	3.94 GWh	2.75 GWh



Figur 48: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariot er RCP4.5




Figur 49: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariot er RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at ved klimascenario RCP4.5 vil det være ei auke i produksjonen om vinteren og ein nedgang på sommaren. I tillegg til denne forskyvinga vil det først være ein nedgang i den årlege produksjonen frå referanseperioden til den nære framtidspersjonen, men den vil auke til den fjerne perioden og produksjonen vil då være høgare enn i referanseperioden. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 36: Produksjon i GWh ved Kaldsåni kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	5.88 GWh	6.22 GWh	7.39 GWh
Vinter	1.52 GWh	2.36 GWh	4.76 GWh
Sommar	4.32 GWh	3.84 GWh	2.71 GWh



Figur 50: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariot er RCP8.5



Figur 51: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariot er RCP8.5


Tabellen og figurane viser at det vil være ei auke i den årlege produksjonen ved Kaldsåni ved klimascenariot RCP8.5. Også i dette klimascenariot vil vinterproduksjonen auke og sommarproduksjonen vil avta, men i motsetning til ved klimascenariot RCP4.5 vil dette resultere ei auke òg i den årlege produksjonen. I referanseperioden er det produksjonen om sommaren som er størst ved kraftverket, men i den fjerne framtidsperioden vil produksjonen være større om vinteren enn om sommaren.

#### 4.7.1.2 Valåe


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Valåe kraftverk – først for klimascenariot RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månedleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 37: Produksjon i GWh ved Valåe kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	5.42 GWh	5.71 GWh	6.10 GWh
Vinter	1.42 GWh	1.79 GWh	2.14 GWh
Sommar	3.97 GWh	3.90 GWh	3.94 GWh



Figur 52: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Valåe i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariot er RCP4.5




Figur 53: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Valåe i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariot er RCP4.5

Tabellen og figurane over viser at, som vassføringa, vil produksjonen om sommaren ved Valåe kraftvert kome noko tidlegare på året i dei to framtidsscenarioa ved klimascenario RCP4.5. Dette fører til ei auke i produksjonen om vinteren, men likevel vil ikkje nedgangen i produksjon om sommaren være så stor. Dette resulterer i at produksjonen ved Valåe aukar frå referanseperioden og fram til begge framtidsperiodane. Resultata for RCP8.5 er vist under.




Tabell 38: Produksjon i GWh ved Valåe kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	5.42 GWh	5.89 GWh	7.38 GWh
Vinter	1.40 GWh	1.95 GWh	3.44 GWh
Sommar	3.99 GWh	3.92 GWh	3.92 GWh



Figur 54: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Kaldsåni i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 55: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Valåe i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5

Tabellen og figurane over viser at det vil være ein auke i produksjon ved Valåe ved klimascenario RCP8.5. Denne auken vert spesielt høgt fram til den fjerne framtidsperiodane og ved begge klimascenarioa. Nedgangen i produksjon skjer stort sett på sommaren, og vinterproduksjonen er relativt jamn. Endringa i produksjon på vinteren ligg mellom -2.6% og

#### 4.7.2 U-kurva

Kraftverka i kategorien «U-kurva», Tysseelva og Ytre Alsåker, er dei einaste kraftverka der det er ein nedgang i den årlege produksjonen til begge framtidsperiodane og ved begge klimascenarioa. Nedgangen i produksjon skjer stort sett på sommaren, og vinterproduksjonen er relativt jamn. Endringa i produksjon på vinteren ligg mellom -2.6% og


+3.4% (sjå Tabell 34). Endringa i produksjon ved begge kraftverka er vidare undersøkt i delkapitla under.

#### 4.7.2.1 Tysseelva


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Tysseelva kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månadleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 39: Produksjon i GWh ved Tysseelva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	22.42 GWh	21.14 GWh	21.02 GWh
Vinter	17.15 GWh	16.71 GWh	16.71 GWh
Sommar	5.28 GWh	4.45 GWh	4.45 GWh



Figur 56: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5




Figur 57: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at det vil være svært lite endring i produksjonen ved Tysseelva ved klimascenario RCP4.5, men noko nedgang er det. Ved dette klimascenariot vil det være ei nedgang i produksjonen om både vinteren og sommaren. Ser ein på varigheitskurvene i Figur 57 kjem det fram at i tillegg til å minke vert produksjonen òg noko jamnare innad i dei to framtidsperiodane enn i referanseperioden. Ser ein til dømes på vinterproduksjonen i perioden 2071-2100 vil den lågaste vinterproduksjonen i perioden være høgare enn i dei andre, men den høgaste vil òg være lågare. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 40: Produksjon i GWh ved Valåe kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	23.07 GWh	22.30 GWh	22.68 GWh
Vinter	17.79 GWh	17.93 GWh	18.42 GWh
Sommar	5.31 GWh	4.40 GWh	4.28 GWh



Figur 58: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariot er RCP8.5



Figur 59: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tysseelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariot er RCP8.5

I tabellen og figurane kjem det fram at òg for klimascenario RCP8.5 vil det være ein nedgang i produksjon frå referanseperioden. Forskjellen frå RCP4.5 er at det her vil være ei auke i


produksjonen på vinteren. Denne auken vil like vel ikkje være nok for å vege opp for nedgangen i produksjonen om sommaren.

#### 4.7.2.2 Ytre Alsåker


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Ytre Alsåker kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månadleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 41: Produksjon i GWh ved Ytre Alsåker kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	22.48 GWh	20.89 GWh	20.31 GWh
Vinter	17.69 GWh	17.89 GWh	18.11 GWh
Sommar	4.84 GWh	3.03 GWh	2.23 GWh



Figur 60: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5




Figur 61: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at det vil være noko nedgang i den årlege produksjonen ved Ytre Alsåker kraftverket grunna nedgangen i sommarproduksjonen ved klimascenario RCP4.5. Produksjonen om sommaren vert mindre og mindre for kvar periode, og i perioden 2071-2100 vil sommarproduksjonen være meir enn halvert relativt til referanseperioden. Det er òg ein liten auke i produksjon på vinteren. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 42: Produksjon i GWh ved Ytre Alsåker kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	22.51 GWh	20.95 GWh	20.33 GWh
Vinter	17.84 GWh	18.39 GWh	18.45 GWh
Sommar	2.71 GWh	2.57 GWh	1.88 GWh



Figur 62: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 63: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Ytre Alsåker i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5

Tabellen og figurane over viser ein liten nedgang i produksjonen ved Ytre Alsåker kraftverk ved klimascenario RCP8.5. Som ved klimascenario RCP4.5 er det ein nedgang i produksjonen om sommaren og oppgang om sommaren. Ved dette klimascenarioet er nedgangen om sommaren mindre, og auken noko større.

### 4.7.3 Utjamning


Når ein ser på endringa i produksjon er resultatene for kategorien «Utjamning» relativt lik resultatene i kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga». Det er i hovudsak ei auke i den årlege produksjonen frå referanseperioden til begge framtidsperiodane, auke skjer på vinteren, og det ein nedgang i produksjon på sommaren. Ved dei fleste kraftverka er både auke i produksjon om vinteren og gjennom året, og nedgangen i produksjon om sommaren størst ved klimascenario RCP8.5.

#### 4.7.3.1 Mouidejohka


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Mouidejohka kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månadleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 43: Produksjon i GWh ved Mouidejohka kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	19.88 GWh	21.95 GWh	23.62 GWh
Vinter	8.87 GWh	13.98 GWh	21.41 GWh
Sommar	10.94 GWh	7.92 GWh	2.33 GWh



Figur 64: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariot er RCP4.5




Figur 65: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariet er RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at det vil være ei auke i produksjon ved Mouidejohka kraftverk ved klimascenario RCP4.5. Det vil være eit kraftig auke i produksjonen på vinteren og nedgang på sommaren. I referanseperioden er det mest produksjon på sommaren, men dette vil snu allereie til den nære framtidsperioden, og endringa vil fortsette vidare til den fjerne perioden. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 44: Produksjon i GWh ved Mouidejohka kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	19.58 GWh	24.04 GWh	23.15 GWh
Vinter	8.24 GWh	16.35 GWh	17.34 GWh
Sommar	11.24 GWh	7.65 GWh	5.79 GWh



Figur 66: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariet er RCP8.5



Figur 67: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Mouidejohka i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5

Tabellen og figurane over viser at som ved klimascenario RCP4.5, vil det òg ved RCP8.5 være ein stor auke i vinterproduksjonen og ein nedgang i produksjonen om sommaren ved Mouidejohka kraftverk. Ved dette klimascenarioet vil auken om vinteren og nedgangen om sommaren være noko mindre enn ved RCP4.5. Dette resulterer i ei relativ lik endring i den totale produksjonen fram til den fjerne framtidsperioden for begge scenarioa, men til den nære perioden vil endringa være større for RCP8.5.


#### 4.7.3.2 Stublielva

Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Stublielva kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månadleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.


Tabell 45: Produksjon i GWh ved Stublielva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	9.66 GWh	10.58 GWh	11.48 GWh
Vinter	2.78 GWh	4.37 GWh	5.53 GWh
Sommar	6.83 GWh	6.17 GWh	5.91 GWh





Figur 68: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariet er RCP4.5




Figur 69: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariet er RCP4.5


Tabellen og figurane over viser at det vil være ein auke i den totale produksjonen ved Stublielva kraftverk ved klimascenario RCP4.5. Det vil være ein auke i vinterproduksjonen og ein nedgang om sommaren, men auken på vinteren er større enn nedgangen om sommaren, noko som resulterer i ein auke i den årlege produksjonen ved kraftverket. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 46: Produksjon i GWh ved Stublielva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	9.62 GWh	11.46 GWh	13.03 GWh
Vinter	2.73 GWh	5.28 GWh	7.17 GWh
Sommar	6.86 GWh	6.15 GWh	5.84 GWh



Figur 70: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariet er RCP8.5



Figur 71: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Stublielva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariet er RCP8.5


Tabellen og figurane over viser at endringsmønsteret i produksjonen ved Stublielva vil være det same for RCP8.5 som RCP4.5, men med større endringar. Auken i produksjonen er mykje større ved dette klimascenariet til begge periodane, og nedgangen i sommarproduksjon er òg noko større. Dette resulterer i ein større auke i den årlege produksjonen.

#### 4.7.3.3 Tyttebærelva


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Tyttebærelva kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månedleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 47: Produksjon i GWh ved Tyttebærelva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	4.70 GWh	4.94 GWh	5.00 GWh
Vinter	1.85 GWh	2.81 GWh	3.26 GWh
Sommar	2.84 GWh	2.12 GWh	1.73 GWh



Figur 72: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariet er RCP4.5




Figur 73: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariet er RCP4.5


Tabellen og figurane over viser ein auke i produksjonen om vinteren og ein nedgang i produksjonen ved Tyttebærelva kraftverk ved klimascenariet RCP4.5. Då auken er større om vinteren enn nedgangen er om sommaren resulterer dette ein auke i den årlege produksjonen fram til begge framtidsperiodane. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 48: Produksjon i GWh ved Tyttebærelva kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenariet RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	4.63 GWh	4.93 GWh	4.36 GWh
Vinter	1.79 GWh	3.02 GWh	3.56 GWh
Sommar	2.82 GWh	1.91 GWh	0.80 GWh



Figur 74: Gjennomsnittleg månedleg produksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenariet er RCP8.5



Figur 75: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Tyttebærelva i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenariet er RCP8.5


Tabellen og figurane viser ein auke i den årlege produksjonen ved Tyttebærelva fram til den nære framtidsperioden, men ein nedgang til den fjerne perioden ved klimascenario RCP8.5. Som ved RCP4.5 er det ein auke i vinterproduksjonen og ein nedgang i sommarproduksjonen fram til begge framtidsperiodane. Men frå den nære til den fjerne perioden er nedgangen om sommaren så stor og auken om vinteren så liten at det resulterer i ein nedgang i den årlege produksjonen.

#### 4.7.3.4 Vanndøla


Dette delkapittelet tek for seg endringa i produksjon ved Vanndøla kraftverk – først for klimascenario RCP4.5, så for RCP8.5. Produksjonen for dei tre periodane er vist i tabell med årleg produksjon samt vinter- og sommarproduksjon, i eit plot med månedleg produksjon og i varigheitskurver for vinter- og sommarproduksjonen.

Tabell 49: Produksjon i GWh ved Vanndøla kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	15.89 GWh	16.70 GWh	16.32 GWh
Vinter	7.17 GWh	9.84 GWh	11.06 GWh
Sommar	8.68 GWh	6.85 GWh	5.06 GWh



Figur 76: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP4.5




Figur 77: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP4.5


Tabellane og figuren over viser at det vil være ein auke i produksjonen om vinteren og ein nedgang i produksjonen om sommaren til begge framtidsperspektivane ved Vanndøla kraftverk ved klimascenario RCP4.5. Denne endringa resulterer i ein auke i årleg produksjon frå referanseperioden til den nære framtidsperspektivet, men at til den fjerne framtidsperspektivet har den årlege produksjonen gått noko ned att. Likevel er den årlege produksjonen i den fjerne framtidsperspektivet høgare enn i referanseperioden. Resultata for RCP8.5 er vist under.

Tabell 50: Produksjon i GWh ved Vanndøla kraftverk årleg og for vinter og sommar. Tabellen viser resultat for alle tre periodane ved klimascenario RCP8.5

	1981-2010	2031-2060	2071-2100
År	15.90 GWh	17.04 GWh	16.58 GWh
Vinter	7.20 GWh	11.14 GWh	13.06 GWh
Sommar	8.67 GWh	5.89 GWh	3.51 GWh



Figur 78: Gjennomsnittleg månadleg produksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh. Klimascenarioet er RCP8.5



Figur 79: Varigheitskurve for vinter- og sommarproduksjon ved Vanndøla i dei tre periodane. Produksjonen er vist i GWh og varigheita i år. Klimascenarioet er RCP8.5

Tabellen og figurane over viser at, som ved klimascenario RCP4.5, vil det være ein auke i den årlege produksjonen ved Vanndøla for så å være ein liten nedgang mellom dei to framtidspersjonane ved RCP8.5. Også ved dette klimascenarioet er den årlege produksjonen likevel høgare i den fjerne framtidspersjonen enn i referanseperioden. Mellom alle periodane er det ein auke i vinterproduksjonen og ein nedgang i sommarproduksjonen.

#### 4.8 Endring i flaumtap

I kapittel 4.6 kom det fram at endringa i middelvassføring ved kraftverka ikkje alltid gav ei eintydig endring i den årlege produksjonen. Fleire av kraftverka hadde ein nedgang i middelvassføring, men ein auke i årleg produksjon. Det er fleire faktorar som spelar inn her,

som ei endring til ei meir gunstig vassføring med tanke på anleggsverknadsgraden, men ikkje minst endringa i flaumtapet. I dette kapittelet tek eg for meg tapet av produksjon forårsaka av flaum. Eg ser altså på kor mykje produksjon det ville ha vore ved kraftverket dersom heile vassføringa hadde gått til produksjon, og ser på det faktiske flaumtapet som ein prosent av det. I tillegg til å bruke dataserien for vassføring plukka ut i kapittel 4.6, ser eg òg på dei andre dataseriane for å samanlikne produksjonen og flaumtapet. Tabell 51 viser flaumtapet for alle kraftverka i dei tre tidsperiodane og for begge klimascenarioa. Flaumtapet i tabellen er berekna frå dataseriane plukka ut i kapittel 4.4.

Tabell 51: Flaumtap ved alle kraftverka i alle tidsperiodane og begge klimascenarioa. Alle verdiane er gjevne i prosent, og er fargemerka frå grønt til raudt, der grønt er dei lågaste verdiane, og raudt dei høgaste..

Kraftverk	Flaumtap (%)					
	RCP4.5			RCP8.5		
	1981-2010	2031-2060	2071-2100	1981-2010	2031-2060	2071-2100
Kaldsåni	8.5	14.7	8.3	12.5	12.7	7.5
Mouidejohka	32.2	18.8	13.9	32.4	18.9	14.9
Stublielva	11.2	2.5	1.4	11.6	2.7	2.8
Tysseelva	4.4	4.1	4.1	4.6	5.4	8.4
Tyttebærelva	3.3	0.4	0.2	3.3	0.2	0.4
Valåe	17.1	13.2	11.1	5.39	13.8	6.1
Vanndøla	10.8	4.5	5.7	10.8	5.7	11.0
Ytre Alsåker	14.5	15.3	14.9	13.8	17.9	20.0


Tabellen viser at det er ei nedgang i flaumtap i dei fleste tilfella. Berre Ytre Alsåker viser ei auke i flaumtap frå referanseperioden til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa. Dei resterande kraftverka har enten berre nedgang i flaumtap, eller både auki og nedgang i ulike scenario, men i hovudsak ei det ein nedgang i flaumtap ved desse kraftverka. Flaumtapet ved dei enkelte kraftverka er undersøkt vidare i individuelle delkapittel delt opp etter dei tre kategoriane.

#### 4.8.1 Forskyving av vår- og sommaravrenninga

Tabell 51 viser ikkje eit eintydig resultat for endringa i flaumtap for kraftverka i kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga», Kaldsåni og Valåe. Det er både ein auke og nedgang i flaumtapet i dei ulike kategoriane. Endringa ved begge kraftverka er undersøkt vidare i delkapitla under.


##### 4.8.1.1 Kaldsåni

Figur 80 viser den årlege produksjonen og flaumtapet ved Kaldsåni kraftverk i GWh for klimascenario RCP4.5. Dataserien som vart plukka ut til å jobbe vidare med i kapittel 4.4 var eQM med observert data frå vassmerket vist til venstre i plottet. Figuren viser at grunna den aukande vassføringa ville produksjonen ha auka til begge periodane, men i perioden 2031-2061 er det ein nedgang i produksjon då flaumtapet har auka. Fram til den fjerde framtidsperioden vil flaumtapet minke, og produksjonen aukar.



Figur 80: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Kaldsåni kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

Figur 81 viser den årlege produksjonen og flaumtapet ved Kaldsåni kraftverk i GWh for klimascenario RCP8.5. I figuren kjem det fram at sjølv om flaumtapet aukar noko fram til den første framtidsperioden, vert dette vege opp for med den auka vassføringa, og produksjonen vil likevel auke fram til begge periodane ved dette klimascenarioet.




Figur 81: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Kaldsåni kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

#### 4.8.1.2 Valåe


Figur 82 viser den årlege produksjonen og flaumtapet ved Valåe kraftverk i GWh for klimascenario RCP4.5. Dataserien som vart plukka ut til å jobbe vidare med i kapittel 4.4 var eQM med observert data frå vassmerket vist til venstre i plottet. Her kjem det fram at sjølv om det er ein nedgang i vassføring fram til den nære framtidsperioden vil produksjonen auke likevel sidan flaumtapet minkar. Til den fjerne framtidsperioden vil det være ei aukeing i vassføring og produksjon og ein nedgang i flaumtap.





Figur 82: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Valåe kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

Figur 83 viser at for klimascenario RCP8.5 er det ei auke i både vassføring og produksjon, og flaumtapsprosenten går ned. Flaumtapet i GWh i den nære framtidsperioden er noko høgare enn i referanseperioden, men har like vel ei relativ nedgang i forhold til produksjon.



Figur 83: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Valåe kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh


#### 4.8.2 U-kurva

Tabell 51 viser at endringa i flaumtapet ved kraftverka i kategorien «U-kurva», Tysseelva og Ytre Alsåker, er relativt jamt i alle tre periodane ved klimascenario RCP4.5, men noko aukande ved RCP8.5. Endringa i flaumtap for dei to kraftverka er vidare undersøkt i delkapitla under.

##### 4.8.2.1 Tysseelva


Figur 84 viser den årlege produksjonen og flaumtapet ved Tysseelva kraftverk i GWh for klimascenario RCP4.5. Dataserien som vart plukka ut til å jobbe vidare med i kapittel 4.4 var eQM med observert data frå vassmerket vist til venstre i plottet. Frå figuren kjem det fram

at ved dette klimascenariet vil årleg vassføring, produksjon og flaumtap være relativt uforandra frå no og fram mot år 2100. Sjølv om det er ein liten nedgang i flaumtap, vil det òg være ein nedgang i vassføring som fører til noko nedgang i produksjon.



Figur 84: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tysseelva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

Figur 85 viser endringa i produksjon og flaumtap ved Tysseelva ved klimascenario RCP8.5. Også her er endringane svært små fram mot år 2100, og endringa i vassføring fram til den nære framtidsperioden er tilnærma null. Dette gjer at ein lite auke i flaumtap fører til ein nedgang i produksjon. Fram til den fjerne framtidsperioden aukar både vassføring og flaumtap, som gjer at det vert noko nedgang i den årlege produksjonen.




Figur 85: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tysseelva kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

#### 4.8.2.2 Ytre Alsåker


Endringa i vassføring, produksjon og flaumtap ved Ytre Alsåker er, som ved Tysseelva, svært liten. Figur 86 viser endringa i produksjon ved Ytre Alsåker ved klimascenario 4.5. Dataserien som er plukka ut til vidare undersøking er den med vassmerket som observert data og gQM som biaskorrigeringsmetode. I denne serien er det vist noko nedgang i vassføring framtil den

nære framtidsperioden, og ei vassføring i den fjerne perioden svært lik som i referanseperioden. Likevel er det ein nedgang i produksjonen, som kan skuldast aukinga i flaumtap.



Figur 86: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Ytre Alsåker kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

Figur 87 viser endringa i flaumtap ved Ytre Alsåker ved klimascenario RCP8.5. Her kjem det fram at flaumtapet vert større og større for kvar periode. Dette er årsaka til at sjølv om vassføringa aukar fram til den fjerne framtidsperioden går produksjonen noko ned.




Figur 87: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Ytre Alsåker kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

#### 4.8.3 Utjamning

Tabell 51 viser at endringa i flaumtapet ved kraftverka i kategorien «Utjamning», Mouidejohka, Stublielva, Tyttebærelva og Vanndøla, stort sett er nedadgåande frå referanseperioden til den nære framtidsperioden og vidare til den fjerne perioden. Det er nokre unntak frå dette som er vidare undersøkt når flaumtapet i kvart kraftverk er vist i delkapitla under.


#### 4.8.3.1 Mouidejohka

Figur 88 viser den årlege produksjonen og flaumtapet ved Mouidejohka kraftverk i GWh for klimascenario RCP4.5. Dataserien som vart plukka ut til å jobbe vidare med i kapittel 4.4 var gQM med observert data frå vassmerket. Det er i dei tidlegare delkapitla vist at vassføringa minkar, men at produksjonen likevel aukar fram til begge framtidspediodane. Forklaringa på dette kjem fram i søylediagrammet som viser at flaumtapet minkar til begge periodane.



Figur 88: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Mouidejohka kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

Figur 90 viser endringa i flaumtap ved Mouidejohka ved klimascenario RCP8.5. Resultata frå dette klimascenariet er samanfallande med RCP4.5 som òg viser at produksjonen aukar til begge periodane trass nedgang i vassføring då flaumtapet minkar.




Figur 89: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Mouidejohka kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

#### 4.8.3.2 Stublielva


Figur 90 viser den årlege produksjonen og flaumtapet ved Kaldsáni kraftverk i GWh for klimascenario RCP4.5. Dataserien som vart plukka ut til å jobbe vidare med i kapittel 4.4 var

gQM med observert data frå vassmerket. Figuren viser at flaumtapet minkar frå referanseperioden til begge framtidsperiodane, og dette gjer at sjølv om vassføringa også minkar fram til den nære framtidsperioden, kan produksjonen likevel auke.



Figur 90: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Stublielva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh


Figur 92 som viser endringa i flaumtap ved Stublielva ved klimascenario RCP8.5 viser ei auke i produksjon og nedgang i flaumtapet.



Figur 91: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Stublielva kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh


#### 4.8.3.3 Tyttebærelva

Figur 92 viser endringa i flaumtap ved Tyttebærelva ved klimascenario RCP4.5. Dataserien som er lagt vekt på er serien med bisaskorreringsmetode gQM og observert data frå vassmerkedataa. Frå figuren kjem det fram at endringa i produksjon og flaumtap er svært liten. Likevel er nedgangen i flaumtap med på å gjere at produksjonen aukar noko frå referanseperioden til begge framtidsperiodane trass i at middelvassføringa går noko ned.



Figur 92: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tyttebærelva kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh


Figur 93 viser endringa i produksjon og flaumtap ved Tyttebærelva ved klimascenario RCP8.5. Her er flaumtapet så lite at sjølv om det minkar frå referanseperioden, er det ikkje nok til å gjere opp for nedgangen i vassføring. Det vert då eit auke i produksjonen fram til den nære framtidsperioden, men ein nedgang til den fjerne grunna endringa i vassføring.



Figur 93: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Tyttebærelva kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh


#### 4.8.3.4 Vanndøla

Figur 94 viser endringa i årleg produksjon og flaumtap ved Vanndøla kraftverk ved klimascenario RCP4.5. Dataserien som vert vidare undersøkt er serien med biaskorrigeringsmetode eQM og observert data frå vassmerket. I dei tidelegare delkapitla kjem det fram at ved dette klimascenariotet minkar vassføringa ved kraftverket til begge framtidsperiodane, men at produksjonen like vel aukar. Utifrå Figur 94 kan ein sjå at dette kjem av nedgangen i flaumtapet.



Figur 94: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Vannløla kraftverk ved klimascenario RCP4.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

Figur 95 viser endringa i produksjon og flaumtap ved Vannløla ved klimascenario RCP8.5. I motsetning til ved RCP4.5 er det her ei auke i vassføringa og i flaumtapet fram til begge periodane. Dette resulterer like vel i eit auke i den årlege produksjonen ved kraftverket frå referanseperioden til begge framtidsperspektivane.



Figur 95: Søylediagram med årleg produksjon og flaumtap ved Vannløla kraftverk ved klimascenario RCP8.5 og dei tre periodane. Produksjonen og flaumtapet er vist i GWh

I tillegg til å vise endringa i produksjon og flaumtap, kan søylediagramma i dette delkapittelet være med på å vise viktigeita av biaskorrigeringa og val av riktig observert data. Søylediagramma viser flaumtapet ved bruk av begge biaskorrigeringsmetodane, begge observerte datasetta, og modellane utan biaskorrigering. I fleire av tilfella er det ein svært stor forskjell på produksjon og flaumtap med og utan korrigering, og ved bruk av ulike observerte datasett. Utan korrigeringa ville søyla heilt til høgre i figurane ho vore det ferdige resultatet, som i dei fleste tilfella er langt unna det som er reelt.

## 5 Konklusjon

Frå resultatane i kapittel 4 kjem det fram at endringa i vassføring ved dei åtte kraftverka kan delast inn i tre kategoriar etter korleis avrenningsmønsteret er i referanseperioden 1981-2010, og korleis den endrar seg til dei to undersøkte framtidsperiodane 2031-2060 og 2071-2100. Dei tre kategoriane har eg vald å kalle «Forskyvinga av vår- og sommaravrenninga», «U-kurva» og «Utjamning». Det er nokre fellestrekk i endringa ved alle kategoriane, men det er likevel tre distinkte endringsmønster som skil seg frå kvarandre.

Avrenninga ved kraftverka i kategorien «Forskyving av vår- og sommaravrenninga» vil endre seg ved at avrenninga som i referanseperioden hovudsakeleg er rundt juni og juli, vil kome tidlegare og tidlegare på året. Dette resulterer i ei auke i vassføringa på vinteren, og ein nedgang på sommaren. Fram til den nære framtidsperioden vil ikkje endringa i middelvassføringa være så stor, men til den fjerne vil det være ei auke ved begge kraftverka i kategorien. Sjølv om endringsmønsteret er svært likt ved både klimascenario RCP4.5 og RCP8.5, vil endringane være størst ved RCP8.5. Endringa i flaumtap i denne kategorien er relativt lite, og det er både auke og nedgang ved kraftverka til dei ulike periodane ved dei ulike scenarioa. I denne kategorien vil det i hovudsak være ei auke i den årlege produksjonen, og auken vil være størst til den fjerne perioden og ved RCP8.5. Til denne perioden og i dette scenarioet vil produksjonen ved dei to kraftverka auke med henholdsvis 27.7% og 36.6%. Slik som med vassføringa, er det auke i produksjon på vinteren og nedgang om sommaren ved alle kraftverka og alle periodar og scenario i denne kategorien.

I kategorien «U-kurva» vil endringsmønsteret i vassføring ved dei to kraftverka være svært samanfallande. Ved RCP4.5 vil det være ein nedgang i middelvassføringa frå referanseperioden til begge framtidsperiodane på kring 5%, og ved RCP8.5 vil middelvassføringa være tilnærma uendra til den nære framtidsperioden, men auke med 5% til den fjerne perioden. Endringa i vassføring vil stort sett skje på sommaren, då det kan sjå ut til at vårflaumen forsvinn, men ved RCP8.5 vil det òg være ei auke i vassføring på vinteren, noko som resulterer i ei auka middelvassføring i den fjerne framtidsperioden. Flaumtapet ved kraftverka i denne kategorien vil være tilnærma uendra ved RCP4.5, men vil auke ved RCP8.5. Dette gjer at den årlege produksjonen ved begge kraftverka i kategorien vil avta til begge framtidsperiodane ved begge klimascenarioa. Endringa i produksjon er størst på sommaren.

Ved kraftverka i kategorien «Utjamning» vil det være ei auke i vassføringa på vinteren og ein nedgang på sommaren, noko som resulterer i ei utjamning i vassføringa utover året. Ved klimascenario RCP4.5 resulterer dette i ei nedgang i middelvassføring til begge framtidsperiodane i dei fleste tilfella. Ved klimascenario RCP8.5 vil det òg være ei gradvis utjamning i den årlege vassføringa, men her er auken om vinteren større, noko som resulterer i ei gradvis auke i middelvassføring frå periode til periode ved dei fleste kraftverka.



Det kjem fram i resultatane at flaumtapet vil avta for alle kraftverka i denne kategoriane ved til dei fleste periodane og i dei ulike kategoriane. Nedgangen vil være størst frå referanseperioden til den nære framtidsperioden og jamnare fram til den fjerne. Endringa i vassføring og flaumtap gjer at det vil være ei auke i årleg produksjon med eit stort auke i vinterproduksjonen og noko nedgang i produksjon på sommaren. Det varierer frå kraftverk til kraftverk om auken er størst til den nære eller fjerne framtidsperioden.

Når det gjeld berekning av vassføring frå dei ulike målingane kjem det fram at dei gjev svært samanfallande resultat i dei periodane der det er lengre samanhengande målingar av produksjonen frå kraftverka. Problemet her er at det er fleire manglar i dataseriane, noko som gjer det vanskeleg å få lange samanhengane tidsseriar med vassføring berekna frå produksjonen. Dei fleste tidsseriane med vassføring frå produksjon er rundt to år. Berekning av vassføring ved kraftverka frå eit nærliggande vassmerke er ein metode som ser ut til å fungere bra. Det er ein fordel at dette gjev lange samanhengande tidsseriar som er basert på målingar i vassføring, og dette er metoden Småkraft bruker til å estimere vassføringa ved planlegging av nye kraftverk. Frå resultatane i kapittel 4.2 der dei to vassføringane er samanlikna kjem det fram at vassføring frå vassmerka gjev dei mest truverdige resultatane å jobbe vidare med.

Begge biaskorrigeringsmetodane har vist seg å fungere godt dersom serien for observert data er tilstrekkeleg god. Det vil seie at den er samanhengande, lang nok og har riktig fordeling til biaskorrigeringsmetoden. Metoden gQM krev at både observert data og modelldataa har ei gamma-fordeling, noko som ikkje kjem fram i dei korte tidsseriane frå produksjonsdataa. Når dataseriane er gode nok kjem det fram at det spelar svært liten rolle kva metode ein bruker. Begge metodane gjer ein god jobb i å overføre middelvassføringa frå observert data til modelldataa, og kvantilane for heile tidsseriane. Like vel er det varierende kor godt den månadlege avrenninga vert overført frå observert til korrigert data.

For å svare på problemstillinga «Korleis vil klimaendringane påverke straumproduksjonen ved uregulerte småkraftverk i Noreg frå i dag og fram til år 2100» kan eg utifrå dei åtte kraftverka eg har undersøkt, konkludere med at det vil være ei endring, og at den endringa avheng av klimagassutsleppa, korleis avrenninga er i dag, og kor kraftverket er plassert. Den største endringa vil kanskje handle om når på året kraftverket produserer mest, noko som kan resultere i både ein auke og nedgang i produksjonen framover. Endringa i flaumtap vil òg spele ei sentral rolle her. Kraftverka eg har undersøkt har vist tre endringsmønster i avrenning, som resulterer i tre endringsmønster i produksjon, men det er mogleg at det òg finnes fleire endringsmønster dersom fleire kraftverk vert undersøkt.

## 6 Bibliografi

- BKK. (2019). Strømmens reise | BKK Nett. Retrieved May 29, 2020, from <https://nett.bkk.no/artikkel/7f59a21f-cdbd-454e-a5c0-d13173cb6bd4>
- Brown, G. O. (2002). The history of the Darcy-Weisbach equation for pipe flow resistance. *Proceedings of the Environmental and Water Resources History*, 34–43. [https://doi.org/10.1061/40650\(2003\)4](https://doi.org/10.1061/40650(2003)4)
- Cheremisinoff, N. P. (1997). Relationship Between Groundwater and Surface Water. In *Groundwater Remediation and Treatment Technologies* (pp. 39–83). <https://doi.org/10.1016/b978-081551411-4.50004-1>
- Déqué, M. (2007). Frequency of precipitation and temperature extremes over France in an anthropogenic scenario: Model results and statistical correction according to observed values. *Global and Planetary Change*, 57(1–2), 16–26. <https://doi.org/10.1016/j.gloplacha.2006.11.030>
- Hanssen-Bauer, I., Førland, E. J., Haddeland, I., Hisdal, H., Mayer, S., Nesje, A., ... Ådlandsvik, B. (2015). *Klima i Norge 2100 Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning oppdatert i 2015*. Retrieved from [www.miljodirektoratet.no/20804](http://www.miljodirektoratet.no/20804)
- Heggstad, R., & Rosvolg, K. A. (2019). Nedbørfelt – Store norske leksikon. Retrieved February 6, 2020, from <https://snl.no/nedbørfelt>
- Heo, J. H., Ahn, H., Shin, J. Y., Kjeldsen, T. R., & Jeong, C. (2019). Probability distributions for a quantile mapping technique for a bias correction of precipitation data: A case study to precipitation data under climate change. *Water (Switzerland)*, 11(7), 1–20. <https://doi.org/10.3390/w11071475>
- International Energy Agency. (n.d.). Data & Statistics - IEA. Retrieved June 14, 2020, from [https://www.iea.org/data-and-statistics?country=NORWAY&fuel=Energy supply&indicator=Electricity generation by source](https://www.iea.org/data-and-statistics?country=NORWAY&fuel=Energy%20supply&indicator=Electricity%20generation%20by%20source)
- Jaffe, R. L., & Taylor, W. (2018). *The Physics of Energy*.
- Kjølle, A. (2007). *Veileder i kvalitetssikring av små vannturbiner*. Retrieved from [www.nve.no](http://www.nve.no)
- Maraun, D. (2016, December 1). Bias Correcting Climate Change Simulations - a Critical Review. *Current Climate Change Reports*, Vol. 2, pp. 211–220. <https://doi.org/10.1007/s40641-016-0050-x>
- Maraun, D., & Widmann, M. (2018). Useful Resources. In *Statistical Downscaling and Bias*

- Correction for Climate Research* (pp. 293–302).  
<https://doi.org/10.1017/9781107588783.022>
- Midttømme, G. H., Pettersson, L. E., Holmqvist, E., Nøtsund, Ø., Hisdal, H., & Sivertsgård, R. (2011). *Retningslinjer for flomberegninger til § 5-7 i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg Norges vassdrags- og energidirektorat 2011*. Retrieved from [www.nve.no](http://www.nve.no)
- Miljødirektoratet. (2019). Vassdragsutbygging. Retrieved June 14, 2020, from <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/ferskvann/vassdragsutbygging/>
- Norges vassdrags- og energidirektorat. (2005). *Retningslinjer for flomløp*. Retrieved from [www.nve.no](http://www.nve.no)
- Norges vassdrags- og energidirektorat. (2009). Minstevannføring. Retrieved May 29, 2020, from <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/minstevannforing/?ref=mainmenu>
- Norges vassdrags- og energidirektorat. (2015a). Nedbørfelt (REGINE). Retrieved February 6, 2020, from <https://www.nve.no/karttjenester/kartdata/vassdragsdata/nedborfelt-regine/>
- Norges vassdrags- og energidirektorat. (2015b). Om kraftmarkedet og det norske kraftsystemet. Retrieved May 29, 2020, from <https://www.nve.no/stromkunde/om-kraftmarkedet-og-det-norske-kraftsystemet#04>
- Norges vassdrags- og energidirektorat. (2019). *NEVINA Beregninger av lavvannsindekser og flomverdier Brukerveiledning*.
- Pachauri, R. K., Meyer, L., Hallegatte France, S., Bank, W., Hegerl, G., Brinkman, S., ... van Boxmeer, F. (2015). *Climate Change 2014 Synthesis Report*. Retrieved from Gian-Kasper Plattner website: <http://www.ipcc.ch>.
- Piani, C., Haerter, J. O., & Coppola, E. (2010). Statistical bias correction for daily precipitation in regional climate models over Europe. *Theoretical and Applied Climatology*, 99(1–2), 187–192. <https://doi.org/10.1007/s00704-009-0134-9>
- Rosvold, K. A. (2018). Småkraftverk i Store norske leksikon på [snl.no](http://snl.no). Retrieved May 29, 2020, from <https://snl.no/småkraftverk>
- Rosvold, K. A. (2019a). Minstevannføring i Store norske leksikon på [snl.no](http://snl.no). Retrieved May 29, 2020, from [https://snl.no/minstevannføring](https://snl.no/minstevannforing)
- Rosvold, K. A. (2019b). Vannføring i Store norske leksikon på [snl.no](http://snl.no). Retrieved May 29, 2020,

from <https://snl.no/vannføring>

Rosvold, K. A. (2019c). Vannturbin i Store norske leksikon på snl.no. Retrieved May 29, 2020,  
from <https://snl.no/vannturbin>

Rosvold, K. A. (2020). Fallhøyde - vannkraftverk i Store norske leksikon på snl.no. Retrieved  
June 2, 2020, from [https://snl.no/fallhøyde\\_-\\_vannkraftverk](https://snl.no/fallhøyde_-_vannkraftverk)

## 7 Appendix


- eQM - Empirical Quantile Mapping
- gQM - Parametric Quantile Mapping
- GWh - Gigawatttime
- KSS - Norsk Klimaservicesenter
- NEVINA - Nedbørfelt-Vannføring-INdeks-Analyse
- NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
- RCP - Representative Concentration Pathways
- REGINE - Register over nedbørfelt

## 8 Vedlegg

### 8.1 NEVINA rapportar

Vedlegget viser dei genererte NEVINA-rapportane for inntaka ved kvart kraftverk.

#### Kaldsåni



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Kartbakgrunn: Statens Kartverk  
Kartdatum: EUREF89 WGS84  
Projeksjon: UTM 33N

Nedbørfeltgrenser, feltparametere og vannføringsindekser er automatisk generert og kan inneholde feil. Resultatene må kvalitetssikres.

#### Lavvannskart

Vassdragsnr.: 021.J81B	Feltparametere	
Kommune: Bykle	Areal (A)	11,9 km <sup>2</sup>
Fylke: Aust-Agder	Effektiv sjø (S <sub>eff</sub> )	1,6 %
Vassdrag: Kaldsåni	Elvelengde (E <sub>L</sub> )	7,0 km
	Elvegradient (E <sub>G</sub> )	45,9 m/km
	Elvegradient <sub>1085</sub> (G <sub>1085</sub> )	46,8 m/km
	Feltlengde (F <sub>L</sub> )	4,6 km
Vannføringsindeks, se merknader	H <sub>min</sub>	972 moh.
Middelvannføring (61-90)	54,8 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>10</sub>
Alminnelig lavvannføring	2,7 l/(s*km <sup>2</sup> )	1045 moh.
5-persentil (hele året)	2,6 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>20</sub>
5-persentil (1/5-30/9)	8,8 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>30</sub>
5-persentil (1/10-30/4)	2,1 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>40</sub>
Base flow	18,1 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>50</sub>
BFI	0,3	H <sub>60</sub>
		H <sub>70</sub>
		H <sub>80</sub>
Klima		H <sub>90</sub>
Klimaregion	Sor	1297 moh.
Årsnedbør	1035 mm	H <sub>max</sub>
Sommernedbør	404 mm	Bre
Vinternedbør	631 mm	Dyrket mark
Årstemperatur	-0,8 °C	Myr
Sommertemperatur	4,7 °C	Sjø
Vintertemperatur	-4,8 °C	Skog
Temperatur Juli	6,9 °C	Snaufjell
Temperatur August	8,0 °C	Urban


1) Verdien er editert

Det er generelt stor usikkerhet i beregninger av lavvannsindeks. Resultatene bør verifiseres mot egne observasjoner eller sammenlignbare målestasjoner.

I nedbørfelt med høy breprosent eller stor innsjøprosent vil tørrværsavrenning (baseflow) ha store bidrag fra disse lagringsmagasinene.

© nevina.nve.no

#### Mouidejohka



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Kartbakgrunn: Statens Kartverk  
Kartdatum: EUREF89 WGS84  
Projeksjon: UTM 33N

Nedbørfeltgrenser, feltparametere og vannføringsindekser er automatisk generert og kan inneholde feil. Resultatene må kvalitetssikres.

#### Lavvannskart

Vassdragsnr.: 161.F21B	Feltparametere	
Kommune: Beiam	Areal (A)	13,7 km <sup>2</sup>
Fylke: Nordland	Effektiv sjø (S <sub>eff</sub> )	1,3 %
Vassdrag: Mouidejohka	Elvelengde (E <sub>L</sub> )	6,0 km
	Elvegradient (E <sub>G</sub> )	70,2 m/km
	Elvegradient <sub>1085</sub> (G <sub>1085</sub> )	61,3 m/km
	Feltlengde (F <sub>L</sub> )	5,1 km
Vannføringsindeks, se merknader	H <sub>min</sub>	618 moh.
Middelvannføring (61-90)	66,8 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>10</sub>
Alminnelig lavvannføring	6,5 l/(s*km <sup>2</sup> )	899 moh.
5-persentil (hele året)	5,3 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>20</sub>
5-persentil (1/5-30/9)	5,9 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>30</sub>
5-persentil (1/10-30/4)	4,2 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>40</sub>
Base flow	17,4 l/(s*km <sup>2</sup> )	H <sub>50</sub>
BFI	0,3	H <sub>60</sub>
		H <sub>70</sub>
		H <sub>80</sub>
Klima		H <sub>90</sub>
Klimaregion	Nord	1133 moh.
Årsnedbør	1159 mm	H <sub>max</sub>
Sommernedbør	390 mm	Bre
Vinternedbør	769 mm	Dyrket mark
Årstemperatur	-1,3 °C	Myr
Sommertemperatur	4,0 °C	Sjø
Vintertemperatur	-5,1 °C	Skog
Temperatur Juli	6,5 °C	Snaufjell
Temperatur August	6,9 °C	Urban


1) Verdien er editert

Det er generelt stor usikkerhet i beregninger av lavvannsindeks. Resultatene bør verifiseres mot egne observasjoner eller sammenlignbare målestasjoner.

I nedbørfelt med høy breprosent eller stor innsjøprosent vil tørrværsavrenning (baseflow) ha store bidrag fra disse lagringsmagasinene.

© nevina.nve.no

## Stublielva



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Kartbakgrunn: Statens Kartverk

Kartdatum: EUREF89 WGS84

Projeksjon: UTM 33N

Nedbørfeltgrenser, feltparametere og vannføringsindekser er automatisk generert og kan inneholde feil. Resultatene må kvalitetssikres.

### Lavvannskart

Vassdragsnr.: 174.2AA4

Kommune: Narvik

Fylke: Nordland

Vassdrag: Stublielva

#### Feltparametere

Areal (A) 25.9 km<sup>2</sup>

Effektiv sjø (S<sub>eff</sub>) 0.5 %

Elvelengde (E<sub>L</sub>) 8.6 km

Elvegradient (E<sub>G</sub>) 96.6 m/km

Elvegradient<sub>1085</sub> (G<sub>1085</sub>) 74.5 m/km

Feltlengde(F<sub>L</sub>) 6.6 km

Vannføringsindeks, se merknader

Middelvannføring (61-90) 46.9 l/(s\*km<sup>2</sup>)

Almindelig lavvannføring 5.5 l/(s\*km<sup>2</sup>)

5-persentil (hele året) 4.5 l/(s\*km<sup>2</sup>)

5-persentil (1/5-30/9) 15.4 l/(s\*km<sup>2</sup>)

5-persentil (1/10-30/4) 3.0 l/(s\*km<sup>2</sup>)

Base flow 24.4 l/(s\*km<sup>2</sup>)

BFI 0.5

Klima

Klimaregion Nord

Årsnedbør 946 mm

Sommernedbør 393 mm

Vinternedbør 553 mm

Årstemperatur -0.9 °C

Sommertemperatur 4.8 °C

Vintertemperatur -5.0 °C

Temperatur Juli 7.9 °C

Temperatur August 7.4 °C

H<sub>min</sub> 285 moh.

H<sub>10</sub> 437 moh.

H<sub>20</sub> 516 moh.

H<sub>30</sub> 598 moh.

H<sub>40</sub> 703 moh.

H<sub>50</sub> 760 moh.

H<sub>60</sub> 812 moh.

H<sub>70</sub> 910 moh.

H<sub>80</sub> 1022 moh.

H<sub>90</sub> 1168 moh.

H<sub>max</sub> 1615 moh.

Bre 0.8 %

